


## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

# Økonomistyring og budsjettoppfølging



## HAREID KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; **"Økonomistyring– Hareid kommune"**. Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette eit kritisk søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Rapporten er utarbeida av Alf Marius Grønnevik, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen i Hareid kommune for nødvendig bistand i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik, 03.01.14/27.01.14/11.02.14

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG .....	5
1 INNLEIING .....	9
1.2 Målsetting og problemstilling.....	9
1.3 Revisjonskriterier.....	9
1.3.1 Utdjuping av revisjonskriterier .....	10
2 Metode og gjennomføring .....	14
2.1 Dokument.....	14
2.2 Verifisering av data.....	14
2.3 Avgrensing .....	14
3. Deskriptiv analyse.....	15
3.1 Organisering .....	15
3.1.1 Administrativ organisering 2011 .....	15
3.1.2 Ny administrativ organisering 2012/2013.....	15
3.1.3 Organisasjonsstruktur – Velferd.....	16
3.2 Korleis er situasjonen på velferdssektoren i Hareid kommune?.....	17
3.2.1 Bemanningssituasjonen .....	17
3.2.2 Samanlikning med andre kommunar ved hjelp av KOSTRA.....	18
3.2.3 Sjukefråver.....	20
4 Problemstilling 1.....	21
4.1. Fakta .....	21
4.1.1 Økonomirapportar .....	21
4.1.2 Verbale beskrivingar:.....	22
4.1.3 Budsjettvedtak: .....	22
4.1.4 Vesentlege avvik.....	22
4.1.5 Periodisering:.....	23
4.2 Vurdering:.....	23
4.3 Konklusjon .....	24
5. Problemstilling 2.....	25
5.1 Innleiing.....	25
5.2 Kvalitet på rapporteringa 2011 .....	25
5.2.1 Fakta .....	25
5.2.2 Vurdering.....	27
5.3 Rapportering 2012.....	28

5.3.1 Fakta .....	28
5.3.2 Vurdering:.....	29
5.4 Konklusjon .....	30
6 Problemstilling 3 .....	31
6.1 Innleiing .....	31
6.2 Rekneskapssystemet som styringsverktøy .....	31
6.2.1 Fakta .....	31
6.2.2 Vurdering.....	32
6.3 Månadsrapportar som styringsverktøy:.....	33
6.3.1 Fakta .....	33
6.3.2 Vurdering:.....	34
6.4 Økonomireglement som styringsverktøy .....	34
6.4.1 Fakta .....	34
6.4.2 Vurdering.....	35
6.5 Forpliktande plan – styringsverktøy .....	35
6.5.1 Fakta .....	35
6.5.2 Vurdering.....	37
6.6 Budsjettstyring .....	38
6.6.1 Oppfølging av einingsleiarar velferd .....	38
6.6.2 Vurdering.....	39
6.7 Einingsleiarane sin budsjettdisiplin: .....	40
6.7.1 Innleiing .....	40
6.7.2 Fakta:.....	42
6.7.3 Vurdering.....	46
6.8 Konklusjon .....	46
7 Anbefalingar .....	48
8 Rådmannen sin kommentar .....	49
9 Revisjonen sin kommentar:.....	56

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde 11.03.13 sak 06/13 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande økonomistyring generelt, men med spesiell vekt på pleie- og omsorgssektoren (velferd). Kontrollperioden er 2011, 2012 i tillegg til enkelte undersøkingar for 2013.

Fleire oppgåver og strammare budsjetterrammer frå sentralt hald sett krav til at kommunane må prioritere hardt mellom tiltak i stadig større grad, samt drive kostnadseffektivt. Dette krev god økonomisk styring og det er viktig at ein har verktøy som gir eit korrekt og fullverdig bilde av den økonomiske situasjonen i kommunen. Den økonomiske rapporteringa til kommunestyret er avgjerande for at både rådmannen og den øvste politiske leiinga skal kunne ta avgjerder ut i frå korrekt informasjon og samtidig følgje opp at administrasjonen føretek dei rette handlingane for å nå dei måla som er nedfelt i budsjettet og forpliktande plan.

### Problemstillingar:

#### **1. Rapporterar administrasjonen til kommunestyret etter kommunelova og evt. retningslinjer/reglement i kommunen?**

Kommunen har rapporteringsrutinar som stettar lov, forskrift og økonomireglement. Det går fram av kommunelova med tilhøyrande budsjettforskrifter §10 at administrasjonen skal legge fram rapport for kommunestyret minst 2 gongar pr år. Gjennomgang av dokumentasjon for rapportering til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert pr 31.03, 30.06 og 30.09 i 2011 og 2012. I tillegg kjem årsrekneskapen/årsmeldinga pr 31.12. Det kan stillast spørsmål ved om dette er dei mest hensiktsmessige rapporteringstidspunkta. Spesielt pr 30.06 som først vert lagt fram for politisk behandling 22.09.11 og 20.09.12, dvs. nesten 3 månadar gammal informasjon.

Kommunen nyttar kvartalsrapportering, men det går fram av økonomireglementet krav om tertialrapportering, så enten må rapporteringsrutinen endrast eller økonomireglementet endrast viss intensjonen er kvartalsrapportering og ikkje tertialrapportering.

Innhaldet i dei økonomiske rapportane er tilnærma lik, men kvaliteten på dei verbale kommentarane frå dei ulike avdelingane/sectorane varierer, og enkelte avdelingar har ikkje rapportert i det heile i 2011 og 2012. Ein registrerar derimot store variasjonar i korleis rapportane er oppbygt. Kommunen bør utarbeide ein mal for økonomirapportane, slik at framtidige rapportar følgjer same oppsett. Ein bør få utarbeida retningslinjer som syner korleis ein ønskjer at dei verbale beskrivingane skal vere oppbygd og kva dei skal innehalde, slik at einingsleiarar og kommunalsjefar veit kva dei skal ha fokus på i rapporteringa si.

Den økonomiske rapporteringa skal presenterast på same måte som budsjettvedtaket.

Det går fram av kommunen sitt økonomireglement kapittel 2.7 at *”vesentlege avvik skal kommenterast særskilt, med eventuelle forslag om tiltak for å halde tildelt budsjettamme.”* Undersøking av kvartalsrapportane i 2011 og 2012 viser at vesentlege avvik blir i stor grad kommentert særskilt, men ein ser svært få forslag til tiltak i dei verbale kommentarane. I dei fleste kvartalsrapportane er det også ein sluttkommentar frå rådmannen der dei vesentlege avvika blir kommentert, men også her ser ein svært få forslag til kostnadsreducerande tiltak.

## **2. Er kvaliteten på rapporteringa vurdert som tilfredstillande?**

Kvaliteten på rapporteringa er avgrensa til kontroll 2011 og 2012. Kommunen har hatt variabel kvalitet på sine prognoser der spesielt rapporteringa pr 31.03 og pr 30.06 har hatt relativt store avvik i forhold til endeleg resultat. Prognose pr 30.09 har vore tilfredstillande for sum avdelingar, i alle fall i 2012 (3 mill meirforbruk i 2011 og 1,3 mill i meirforbruk i 2012). Kommunen sitt budsjett er derimot vedteke på avdelingsnivå og ikkje på ei samla ramme og ein registrerte derimot større avvik på enkelte avdelingar gjennom året.

I fleire av økonomirapportane vert resultatet presentert ved rekneskapskjema 1A og 1B.

For at rekneskapskjema 1A og 1B skal ha informasjonsverdi mht resultat og gi eit rett bilde av rekneskapsresultatet på rapporteringstidspunktet må rekneskapspostane periodiserast. Dette er og viktig for at det skal vere samanheng i økonomirapportane mht. rekneskapskjema 1 A, 1 B og avd/einingsleiarane si rekneskapsprognose med tilhøyrande verbale beskriving.

## **3. Har kommunen sine sektorar/resultateiningar tilfredstillande styringsverktøy og budsjettoppfølging:**

### Økonomisystem

Økonomisystemet som kommunen nyttar i dag vert vurdert som fleksibelt og brukarvennlig. Systemet er brukt av ca 50% av kommunane i Noreg i tillegg til andre private og offentlige instansar. Systemet gir Rådmannen, kommunalsjefar og einingsleiarar god økonomisk oversikt, og gir svært få avgrensingar i utforming av spørjingar og rapportar. Ei mulig avgrensing vil vere dei tilsette sin kompetanse til å utnytte alle dei ulike moglegheitene systemet gir. Økonomisystemet kommunen har i dag gir gode muligheter for styring og kontroll. I samband med budsjettarbeid og budsjettstyring vert budsjettmodulen ”Agresso planleggar” nytta. Denne modulen gjer at kommunalleiarar og einingsleiarar her eit godt verktøy til å følge opp rekneskapspostar og gjere eventuelle interne budsjettendringar innan si ramme. Økonomiavdelinga overvåka, og går gjennom og godkjenner.

### Månadsrapportering

Månadsrapportering kan vere eit godt økonomisk styringsverktøy for administrasjonen internt og for politikarane til å få regelmessig oppfølging på den økonomiske situasjonen i kommunen. Ein registrer at rapportering til formannskapet har vore mangelfull i 2013. Det

går indirekte fram av kommunen sitt økonomireglement at kommunen skal utarbeide månedlege økonomirapportar til formannskapet. Kommunen bør revidere økonomireglementet og presisere korleis månadsrapporteringa skal praktiserast.

#### Økonomireglement

Hareid kommune har eit tilfredstillande økonomireglement i høve dei vurderingar og kontrollar som gjeld dette prosjektet. Men det går fram av økonomireglementet at det skal utarbeidast rutinehandbok der ein har fått samla alle rutinane. Ein del er utarbeidd, men det står igjen ein del arbeid. Då det er ca 30 personar som har budsjett- og rapporteringsansvar i kommunen er det særdeles viktig at ein har gode rutinar som alle er kjent med og innforstått med korleis dei skal fungere. Kommunen bør derfor prioritere å få utarbeidd rutinehandboka og desse rutinane bør praktiserast av alle.

#### Forpliktande plan

Då Hareid kommune er ROBEK-kommune, og ein del av ROBEK-nettverket, har kommunen blitt pålagt av fylkesmannen å utarbeide ein forpliktande plan for korleis kommunen skal dekkje inn sitt akkumulerte overforbruk.

I den forpliktande planen var forventta innsparingsmål for 2013 på 3,1 mill kr. Kommunen sitt brev til fylkesmannen 08.10.2013 signaliserte eit samla meirforbruk (heile kommunen) på 7 mill kr og at budsjetterte avsetningar måtte strykast. Når dei fleste avdelingane rapporterar at dei planlagde tiltaka er gjennomførte må ein stille spørsmål ved om den forpliktande planen og dei tiltak som gjekk fram av denne var realistiske og tilstrekkelige for å følgje opp kravet til budsjettert avsetning og inndecking av tidlegare års meirforbruk.

Arbeidet med den forpliktande planen bør takast på alvor og vere styringsverktøyet for dei ulike sektorane/avdelingane i kommunen for å igjen vinne økonomiske balansen.

Kommunen bør vurdere og legge rapportering om status på den forpliktande planen til dei kvartalsvise økonomirapportane som går til politisk behandling.

#### Oppfølging av Einingsleiarane (Velferd)

Revisjonen meiner at føresetnadane for internkontroll og økonomistyring ikkje er den beste innanfor velferdssektoren pga. liten kompetanse innanfor økonomistyring og budsjettoppfølging blant dei mange einingsleiarane som no har budsjettansvar.

Kommunalsjef og økonomisk rådgjevar følgjer einingsleiarane tett opp, men kommunen bør prioritere opplæring til alle dei nye einingsleiarane slik at dei kan nytte Agresso som det styringsverktøy det er tenkt å vere. Spesielt opplæring/forståing av periodisert budsjett/rekneskap, spørjingar og rapportar bør være sentrale element i denne opplæringsprosessen.

### Einingsleiarane sin budsjettdisiplin (Velferd)

Fleire av kommunen sine avdelingar viste budsjettavvik i forhold til vedtekne kostnadsrammer og ein ser få tiltak/ og eller budsjettkorrigeringar i samband med meirforbruket. Om meirforbruk på kostnadssida er finansiert med meirinntekter som etter reglementet kan disponerast administrativt, skal det gjennomførast administrative budsjettendringar. Dette er spesielt viktig dersom budsjettet skal vere eit styringsverktøy.

#### **Anbefalingar:**

1. Kommunen bør vurdere å innføre rapportering av forpliktande plan som ein del av den økonomiske rapporteringa som går til politisk behandling.
2. Kommunen bør vurdere å innføre periodesering av rekneskapen i høve kvartalsrapportering slik at økonomirapporten sitt rekneskapsskjema 1 A og 1 B gir ei prognose av drifta som samsvarer med sektorane/einingane sine prognosar og verbale skildringar.
3. Gjennomføre meir opplæring av nye einingsleiarar mtp. Økonomi- og budsjettoppfølging.
4. Revidere økonomireglement mtp og rapporteringsrutine og kva rapportar som skal utarbeidast, samt komplettere rutinehandbok.
5. I høve rapportering til kommunestyret om meirforbruk bør det fremmast forslag om budsjettregulering, tiltak evt forslag til tiltak for å kunne oppnå økonomisk balanse jfr. krav i kommunelova og tilhøyrande budsjettforskrifter.



# 1 INNLEIING

Kommunestyret, 20.12.2012 PS 164/12 vedtok plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde 11.03.13 sak 06/13 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande økonomistyring, generelt, men med spesiell vekt på pleie- og omsorgssektoren. Prosjektplan vart utarbeida av revisjonen og vedteke i kontrollutvalet 12.09.13 sak 28/13

## 1.2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om kommunen har tilfredstillande system og rutinar for økonomistyring og budsjettoppfølging. Kontrollutvalet ønskte om at ein skulle gå meir detaljert inn på pleie og omsorgssektoren (velferd) for å undersøke mulige årsaker til dei store avvika mellom budsjett og rekneskap (sjå kap 6.7).

Utgangspunktet for kontrollen er gjennomgang av kvartalsrekneskap og årsrekneskap, vurdering av rapporteringa mtp. kvalitet og eventuelle etterslep eller mangel på opplysningar som bør kome politisk leiing til vitande.

Vidare er det sett nærmare på den oppfølging av einingsleiarar og internrutinar kring rapportering og oppfølging av budsjettet, med då spesielt fokus på velferdssektoren.

Følgjande problemstillingar er formålstenelege:

- 1. Rapporterar administrasjonen til kommunestyret etter kommunelova og evt. retningslinjer/reglement i kommunen?**
- 2. Er kvaliteten på rapporteringa vurdert som tilfredstillande?**
- 3. Har kommunen sine sektorar/resultateiningar tilfredstillande styringsverktøy og budsjettoppfølging?**

## 1.3 Revisjonskriterier

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriterier i form av lover, forskrifter, reglement og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

I den deskriptive delen nyttast det ikkje revisjonskriterium. Når det gjeld dokumentanalysen, vert denne vurdert opp mot lover, forskrifter og kommunen sine reglement/rutinar m.m.

Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med økonomistyring og budsjettoppfølging vil vere:

**Kommunelova:**

- § 23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet..
- § 46. Årsbudsjettets innhold.
- § 47. Årsbudsjettets bindende virkning.

**Forskrift om årsbudsjett:**

- § 6. Årsbudsjettets innhold og inndeling
- § 10. Budsjettstyring
- § 11. Endringer i årsbudsjettet
- § 12. Økonomiske oversikter

**Forskrift om årsregnskap og årsberetning**

**Økonomireglement Hareid kommune**

**GKRS (god kommunal rekneskapskikk)**

**COSO- internkontroll**

### 1.3.1 Utdjuping av revisjonskriterier

**Kommunelova**

Formålet med lova er å legge forholda til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre, og for ein rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteresser innanfor ramma av det nasjonale fellesskap og med sikte på ei bærekraftig utvikling.

**kl § 23** omhandlar administrasjonssjefen sine oppgåver og myndigheit.

Administrasjonssjefen er den overordna leiaren for den kommunale administrasjonen.

Administrasjonssjefen skal sjå etter at dei saker som blir lagt fram for dei folkevalgte organ er forsvarleg utreda og at vedtak blir gjennomført.

**kl § 46 nr 8:** Departementet har med dette punktet opna for å gi nærmare reglar om årsbudsjett og innstilling til årsbudsjettet. I desse reglane kan det bli stilt krav om oversikt over inntekter og utgifter for kommunen sin samla verksemd.

**kl § 47 nr 1 og 2 :**

*"1. kommunestyrets (...) bevilgninger i årsbudsjettet er bindende for underordnede organer".*

*"2. Skjer det endringar i løpet av budsjettåret som kan få betydning for de inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen (...)gi melding til kommunestyret..."*

*"3. Får kommunestyret eller fylkestinget melding etter nr. 2 foran, skal det foreta nødvendige endringer i budsjettet. Det samme gjelder når det på annen måte gjøres kjent med forhold som kan bety vesentlig svikt i inntektene eller en vesentlig økning i utgiftene i forhold til budsjettet."*

Kommunelova sett krav til administrasjonssjefen (rådmann) om å legge fram sak for kommunestyret ved vesentlig avvik mellom budsjett og rekneskap. Han skal gi tilbakemelding til kommunestyret ved endringer i budsjettet i løpet av året som kan få innverknad på dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på.

Lova stiller ikkje direkte krav til økonomisk rapportering til faste tider, men det går fram av kommentardelen til kommunelova, henvisning til Ot.prp nr 43 at det skal rapporterast kvartalsvis, tertial eller adhock. Det er opp til kommunestyret å bestemme kor ofte rapporteringa skal skje.

### **Forskrift om årsbudsjett**

Forskrifta vart gjort gjeldande for kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2001, med visse unntak for kommunale føretak.

§ 6 omhandlar innhald og inndeling av årsbudsjettet. Det er og stilt krav til opplysning om grunnleggande prinsipp for årsbudsjettet.

I §10 tek forskrifta føre seg budsjettstyring. Her går det klart fram at det er administrasjonssjefen/rådmannen som gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar til kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtekne årsbudsjettet. Kommentardelen krev at det vert rapportert jamt og minst 2 gongar i året. Dersom administrasjonssjefen finn grunn til å tru at det kan oppstå nemneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret foreslåast nødvendige tiltak.

Forskrifta § 10 kan oppsummerast slik:

- Rådmannen skal gjennom budsjettåret rapportere utviklinga i inntekter og utgifter i forhold til budsjettet.
- Rådmannen skal rapportere nemneverdige avvik frå budsjettet.
- Rådmannen skal foreslå tiltak.
- Føreslegne tiltak skal tas inn i rapport til kommunestyret.

§ 11 krev at kommunestyret gjer endringer i årsbudsjettet når forholda tilseier det.

I § 12 er det stilt krav til kommunane om utarbeiding av økonomiske oversikter, det er vist til vedlegg for fastsett oppstilling av oversiktene. Dei økonomiske oversiktene skal bygge på dei same føresetnadane som årsbudsjettet.

Forskrifta går lenger enn lova og det er tydeleg at det ligg føringar frå myndigheitene til faste rapporteringsrutinar (rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar per år). Økonomiske oversikter skal basere seg på same føresetnadar som det vedtekne budsjettet.

**Økonomireglement****2.6 Oppfølging av budsjett**

*For å få til ein best mogleg og effektiv budsjettkontroll, skal det i størst mogleg grad – etter etablering av naudsynt rapporteringsverktøy - gjennomførast periodisering av driftsbudsjettet, etter at kommunestyret har vedtatt budsjettet.*

*Rådmannen skal ved utgangen av kvar månad gjere naudsynte avviksvurderingar i høve til budsjettet, og setje i verk reelle justeringar i driftsaktiviteten som er naudsynt for å tilpasse aktivitetsnivået til tildelt budsjetttramme.*

**2.7 Rapportering**

*Rådmannen utarbeider ein samordna "Tertialrapport" pr. 30. april og 31. august med fokus på avvik i høve til dei mål og føresetnadar som er vedteke i årsbudsjettet. Vesentlege avvik skal kommenterast særskilt, med eventuelt forslag om tiltak for å halde tildelt budsjetttramme.*

*Rapporten vert lagd fram som sak for formannskapet og kommunestyret snarast mogleg etter 1. og 2. tertial.*

*For investeringsprosjekt av ein viss storleik skal framdrifta og økonomiske forhold kommenterast i tertialrapporten.*

**NB! Kommunen har gått over til kvartalsrapportering.**

**God forvaltningskikk**

I tillegg til alle lover og forskrifter som omhandlar saksbehandling finst det uskrivne krav til god forvaltningskikk. Eit grunnkrav er at saksbehandlinga skal være forsvarlig.

**Tryggande (intern)kontroll og styringsverktøy**

I kommunelova §23.2 er det slått fast at administrasjonssjefen skal syte for at administrasjonen drivast i samsvar med lover, føreskrifter og overordna instruksar og at den er gjenstand for tryggande kontroll.

COSO- rammeverket har fått ei dominerande stilling i forhold til å sette rammer for internkontroll. Internkontroll kan definerast som: *"En prosess gjennomført av virksomhetens styre, leiing og annet personell, og som er lagt opp slik at det gir en rimelig grad av sikkerhet for å nå mål innen følgende kategorier":*

- *Effektiv og hensiktsmessig drift*
- *Pålitelig økonomisk rapportering*
- *Etterlevelse av lover og bestemmelser*

I følge COSO består internkontroll av fem komponentar:

**Kontrollmiljø:**

Dette punktet omhandlar dei holdningane til kontroll som eksisterar i organisasjonen, og atmosfæren som den interne kontrollen skal fungere i. Dette omfattar blant anna dei tilsette

med deira eigenskapar, verdiar, haldningar og kompetanse, og korleis verksemda er organisert.

### **Risikovurderingar:**

Risikovurdering går ut på å identifisere eksterne og interne risikoforhold og analysere dei ved å ta stilling til:

- Kor viktig er den aktuelle risikoen, og kva er konsekvensane om dei inntreffer?
- Kor sannsynleg er det at den aktuelle risikoen inntreffer?
- Kva kontrolltiltak kan være aktuelle?

### **Kontrolltiltak:**

Heng saman med risikovurderinga. Det skal settast i verk tiltak for å møte risikoane, og bidra til at rutinar og system fungerer. For prosjektet vil dette gå ut på om kommunen har etablert kontrollaktivitetar som ein del av økonomistyringa.

### **Informasjon og kommunikasjon:**

Informasjon og kommunikasjon må være effektiv og virke både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Tilstrekkelig og relevant informasjon til rett tid skal gjøre det mulig for den enkelte å ivareta det ansvaret ein får tildelt. Tilgangen på økonomisk informasjon er viktig som styringsinformasjon for leiinga og politikarane. Informasjonen bør blant anna vere oppdatert til ei kvar tid slik at ansvarleg instans kan gjere nødvendige prioriteringar og fatte vedtak i forhold til kva tiltak som må settast i verk.

### **Oppfølging /overvåking.**

Oppfølging/overvåking skal sikre at nødvendige handlingar eller endringar vert gjennomført.

Problemstillinger	Kontrollspørsmål	Kjelder til kriterier
Rapporterar administrasjonen til kommunestyret etter kommunelova og evt. retningslinjer/reglement i kommunen?	Rapporterar kommunen rutinemessig om status og prognoser internt i organisasjonen? Rapporterar administrasjonen til politisk nivå i henhold til regelverket?	COSO: Informasjon og Kommunikasjon  Kommunelova § 47 Forskrift om årsbudsjett §10
Er kvaliteten på rapporteringa vurdert som tilfredstillande?	Stemmer einingsleiarane sine prognoser gjennom året med endelig resultat?	Vedtatt budsjett, økonomirapportar og årsmelding
Har kommunen sine avdelingar tilfredstillande styringsverktøy og budsjettstyring?	- Er føresetnadane for god økonomistyring til stades i organisasjonen? -Er det føreteke risikovurderingar? Er det etablert rutinar og praksis for økonomioppfølging og budsjettkontroll? Er det god kommunikasjonsflyt	COSO: Kontrollmiljø  Coso: Risikovurderingar  Kommunelova §23 Coso: Kontrollaktivitetar

	internt i organisasjonen? Er det etablert eit internkontrollsystem som vert overvaka av leiinga?	Coso: Informasjon og Kommunikasjon  Coso: Overvåking
--	---	--

## 2 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. I vår revisjon vil vi basere oss på analyse av relevante dokument, korrespondanse med administrasjonen og samtaler/ intervju ved behov.

### 2.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Økonomirapportar
- Årsmeldingar
- Driftsrekneskap
- Forpliktande plan
- Økonomireglement Hareid kommune
- Kommunelova
- Forskrift om årsbudsjett
- Forskrift om årsregnskap og årsberetning
- Informasjon innhenta frå leiinga

### 2.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 29.01.14 i dette ligg og stadfesting av faktabeskrivinga.

### 2.3 Avgrensing


Tidsmessig er prosjektet avgrensa til å gjelde rapportering for 2011, 2012 og delvis 2013. Når det gjeld kvaliteten på rapporteringa vert prosjektet avgrensa til å gjelde rapportering for 2011 og 2012. Det er avgrensa til å sjå på driftsrekneskapen og vi held oss til offisielle kvartalsrapportar og revidert rekneskap.

## 3. Deskriptiv analyse

### 3.1 Organisering

Kommunen gjennomgjekk ei omstrukturering 2012/2013. Etter den nye strukturen har talet på områder blitt redusert frå 15 til 5 sektorar. I dag har rådmannen det overordna ansvaret for heile kommunen og sektoren "sentraladministrasjon". Etter den nye strukturen har kommunen i tillegg fått fire kommunalsjefar som sit med det overordna og økonomiske ansvaret for dei nye sektorane.


#### 3.1.1 Administrativ organisering 2011



Figur 1: Organisering 2011

#### 3.1.2 Ny administrativ organisering 2012/2013

Figur 2: Ny organisering 2012/2013




\*I sentraladministrasjonen inngår ansvara: Politisk styring og kontroll, rådmann og kommunalsjefar, økonomi og finans, personalavdelinga, servicetorget, IKT- avdelinga, NAV, barnevern og brannvern. Det er rådmannen som har ansvaret for denne sektoren.

Innanfor kvar enkelt sektor finnast det svært mange resultateiningar. Kvar resultateining har ein einingsleiar med budsjett/resultat og rapporteringsansvar. Einingsleiarar rapporterar sine økonomiske resultat til sektoransvarleg kommunalsjef som godkjenner og rapportar vidare til rådmannen. Rådmannen rapporterar vidare til økonomiavdelinga v/økonomisjefen som utarbeidar dei kvartalsvise økonomirapportane som vert presentert for kommunestyret.

Den nye strukturen har ført til at talet på område har blitt redusert til fem sektorar med tilhøyrande resultateiningar. Talet på einingsleiarar som sitt med resultat-, budsjett- og rapporteringsansvar har blitt auka frå ca 15 til 30.

### 3.1.3 Organisasjonsstruktur - Velferd

Kommunestyret vedtok ny administrativ organisering for helse og omsorgsavdelingane 18.04.13 sak PS 34/13 tilsvarande organiseringa vist nedanfor i figur3. Kommunalsjefen for velferd har det overordna ansvaret for sektoren. Mykje av dei økonomiske berekningane og utarbeidingane er delegert til kommunalsjefen sin økonomiske rådgjevar som utarbeidar berekningar, analysar og rapporterar til kommunalsjefen som godkjenner og rapporterar vidare til rådmannen.



Einingsleiarane innan sektoren velferd er i stor grad fagpersonell innan for sine område, med liten/ingen økonomisk bakgrunn/ kompetanse. Ansvar og oppgåvene til einingsleiarane, har eit stort spenn frå faglege oppgåver til økonomisk innsikt og rapportering. I tillegg kjem oppfølging av medarbeidarar. Sjå meir kap 5.



## 3.2 Korleis er situasjonen på velferdssektoren i Hareid kommune?

### 3.2.1 Bemanningssituasjonen

Nedanfor går det fram ei oversikt over stillingsprosentar for velferd utarbeida av administrasjonen. Omstruktureringa i 2012 førte til at ein del stillingar har blitt flytta mellom einingane. Det har også ført til at enkelte ansvarsområder i rekneskapen har falt bort medan andre har kommt til.

Oversikt stillingsprosentar velferd	01.01.2011	01.01.2012	01.01.2013
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	70	30	320
HELSESTASJON	350	350	370
LEGETENESTE	32	32	50
PSYKIATRI	567	575	280
DAGSENTER	92,5	80	156,7
OMSORGSKONTOR	200	200	200
SOMATISK AVDELING	130	200	-
SKJERMA EINING	1089,82	987	1526,3
SOMATISK EINING	1896,7	1919,6	1531,5
KJØKKEN	898	893	619
HEIMESJUKEPLEIE	1334	1401,7	1598,2
HEIMEHJELP	678,04	581,33	638,47
BRUKARSTYRT P. ASS.	-	-	72
BU OG HABILITERING	1731,64	1646,84	2029,22
Sum stillingsprosentar	9069,7	8896,47	9391,39
Fastløna årsverk	90,70	88,96	93,91

Ein har motteke oversikt over bemanningssituasjonen frå dei ulike einingsleiarane innanfor velferdssektoren som syner bemanningssituasjonen per desember 2013.

Ved administrasjon / stab er det fire tilsette som fordelte seg slik: 1 kommunalsjef, 1 økonomisk rådgjevar, 1 konsulent /merkantil (50%) og kommuneoverlege. Alle stillingane utanom konsulent/merkantil var 100% stillingar og stillingane utgjorde til saman totalt 3,5 årsverk.

Ved bu og habilitering er det 27 tilsette: 1 einingsleiar, 2 fagkoordinatorar, 10 hjelpepleiarar, 7 pleiemedarbeidarar, 3 miljøterapeutar, 1 fagarbeidar og 1 assistent. Eininga har to vakante stillingar (50% hjelpepleiar og 100% vernepleiar). Av dei 27 heimlane er fire av dei 100% stillingar. Størrelsen på dei andre stillingane varierar mellom 13,6 til 85%. Alle stillingane innanfor eininga utgjorde totalt til saman 17,7 årsverk.

Ved helse og koordinerande eining var det i alt 16 tilsette som fordelte seg slik: 1 einingsleiar, 1 kommuneergoterapeut, 1 kommunefysioterapeut, 4 spesialsjukepleiarar, 1 aktivtør, 1 koordinator, 2 assistentar, 1 førstesekretær, 1 lege, og 2 helsesøster og 1 helsesøster/koordinator. Sju av stillingane var 100% stillingar og dei resterande varierte mellom 12,7 til 80%. I alt hadde eininga til saman 10,7 årsverk.

Ved Skjerma eining får ein opplyst at eininga har 17 tilsette der har 12,14 stillingar (natt + dag+ kveld) og 1,87 stillingar på natt. Oversikt over stillingstype frå Agresso viste denne fordelinga: 1 einingsleiar, 12 hjelpepleiarar, 1 helsefagarbeidar og 3 sjukepleiarar. Dei 3 sjukepleiarstillingane og einingsleiar er 100% stillingar. Dei resterande stillingane varierte mellom 45%- 80,3% (gjennomsnitt 57,7 %). Totalt hadde eininga 11,42 årsverk.

Heimetenestene hadde i alt 33 tilsette som fordelar seg mellom heimesjukepleia (19 tilsette og 13,7 årsverk) og omsorgsbustadar og praktisk bistand ( 14 tilsette og 10,05 årsverk).

Innanfor heimesjukepleia fordelte dei seg slik: 1 einingsleiar, 8 sjukepleiarar, 4 hjelpepleiarar, 2 omsorgsarbeidarar og 4 sjukepleiarar natt. Einingsleiar og to av hjelpepleiar stillingane er 100%. Dei andre varierar frå 35,7% - 85%.

Innanfor omsorgsbustadar og praktisk bistand er fordelinga slik: 9 assistentar, 1 helsefagarbeidar 2 konsulent/ merkantil, 1 assistent og 1 konsulent/merkantil har 100% stilling dei andre varierar mellom 16%- 80%. Det er også nokon mindre stillingar som står vakant.

Ved kjøkkenet er det i alt 6 tilsette: 1 kjøkkensjef, 1 kokk, 2 kjøkkenassistentar og 2 lærlingar. Kjøkkensjef og kokk er 100% stillingar medan dei andre varierar frå 50-81%. Totalt vert det opplyst om 5,29 årsverk.

### 3.2.2 Samanlikning med andre kommunar ved hjelp av KOSTRA

Ein har med utgangspunkt i rapportering til SSB (KOSTRA) 2012, samanlikna enkelte utgifter innanfor PLO i Hareid kommune med nokon av nabokommunane på Søre Sunnmøre , samt med gjennomsnittet for alle kommunane i Møre og Romsdal og gjennomsnittet for kommunegruppe 1 (*Små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, lave frie disponible inntekter*).

Tabell 1: Netto driftsutgifter til pleie og omsorg 2012

KOSTRA - Pleie og omsorg 2012	1517 Hareid	1520 Ørsta	1514 Sande	1511 Vanylven	1519 Volda	1516 Ulstein	1515 Herøy	EKG01 Kostragr uppe 01	EKA15 Møre og Romsdal
<b>Netto driftsutgifter:</b>									
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	30,3	33,9	39,1	32,8	31,7	25	30,1	32,6	34
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	13323	16067	22391	18347	16203	11956	14246	16639	16951
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 80 år og over	240625	260454	326906	249820	303025	327938	268161	319421	321548
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 67 år og over	95162	101201	124141	91489	109768	101363	95914	105691	114405
<b>Produktivitet / Einheitskostnader</b>									
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	296331	313798	426281	344522	365603	297524	329987	333663	368370
Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg	728870	672998	676772	804068	585496	662404	849144	664552	639481
Årsverk ekskl. fravær i brukerretdede tjenester pr. mottaker	0,34	0,38	0,62	0,37	0,53	0,39	0,33	...	0,49

KOSTRA viser at Hareid kommune har netto driftsutgifter til pleie og omsorg per innbyggjar som er lågare enn snittet i Møre og Romsdal og nabokommunane forutan om Ulstein. Ein

registrerar at kommunen ligg lågare enn gjennomsnittet både "pr innbyggjar 80 år og over", og "per innbyggjar 67 år og over". I forhold til "lønsumgifter pr kommunalt årsverk eksklusiv frávær, pleie og omsorg" ligg Hareid (728 870kr) over gjennomsnittet M&R (669 481kr). Det er berre Vanylven og Herøy som ligg høgare med hhv (804 068kr og 849 144kr).

Kommunar med et lavt nettoutgiftsnivå per innbyggjar 80 år og over har en kombinasjon av en eller fleire av disse kjenneteikna:

- Lågare dekningsgrad heimeteneste for innbyggjarar 80 år og over
- Lågare del heimebuuarar med høg timeinnsats
- Fleire plassar avsett til tidsbegrensa opphald
- Færre legetimar per veke per bebuar i sjukeheim
- Lågare korrigererte bruttoutgifter per kommunal plass
- Lågare dekningsgrad institusjon for innbyggere 80 år og over

Tabell 2: Heimetenester 2012

Heimetenester	1517 Hareid	1520 Ørsta	1514 Sande	1511 Vanylven	1519 Volda	1516 Ulstein	1515 Herøy	EKG01 Kostragr uppe 01	EKA15 Møre og Romsdal
Mottakere av heimetjenester pr. 1000 innb. 0-66 år	19	17	23	30	24	23	17	23	20
Mottakere av heimetjenester pr. 1000 innb. 67-79 år	79	84	85	73	95	93	78	81	78
Mottakere av heimetjenester pr. 1000 innb. 80 år og over	343	335	354	302	345	374	357	373	349
Korrigererte brutto driftsutg pr. mottakar av heimetjenester (i kroner)	157136	154024	237521	240651	227122	157150	160578	193733	223439
<b>Dekningsgrader boliger til pleie- og omsorgsmål</b>									
Andel beboere i bolig til pleie- og omsorgsmål 80 år og over	64	38	87,5	40,4	63,1	48,5	42,9	54,6	47,7
Andel beboere i bolig m/ helseøns bemanning	18	40,9	29,2	52,6	71,3	60,8	16,5	40,4	55
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med helseøns bemanning	0	2,6	3,9	5,5	15,5	11,4	0	4,5	5,3

Når det gjeld tal på mottakarar av heimetenester ligg Hareid ganske nær gjennomsnittet for Møre og Romsdal innanfor alle aldersgrupper. Derimot ligg Hareid kommune relativt lågt mtp "korrigererte bruttoutgifter pr. mottakar av heimetenester". Om ein ser Hareid kommune sine tal direkte opp i mot gjennomsnittet for M & R kan det sjå ut som om Hareid har ei kostnadseffektiv teneste. På ei anna side seier ikkje tala noko om kvaliteten på tenesetene.

Figur 4: Kostnader kommunale institusjonar 2012

Produktivitet/Enhetskostnader kommunale institusjoner	1517 Hareid	1520 Ørsta	1514 Sande	1511 Vanylven	1519 Volda	1516 Ulstein	1515 Herøy	EKG01 Kostragr uppe 01	EKA15 Møre og Romsdal
Utgifter per beboerøgn i institusjon	2307	2070	1890	2046	2424	2846	2403	2853	2584
Korrigererte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	889224	750007	944875	520841	890104	1081048	821840	920271	857010
Andel innbyggere 67 år og over som er beboere på institusjon	5,9	7,9	8	7,3	4,8	4,1	7,5	5,4	6,6
Andel beboere 80 år og over i institusjoner	82,4	87,9	80,9	84,5	75,9	88,4	75,7	78,8	76,4
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	15	20,3	21,1	20	13,3	13,1	17,9	13,6	15,2
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	105,8	105,3	138,9	87,7	102,5	117	96,5	..	96

- Brutto driftsutgifter per liggedøgn for alle institusjoner som utgiftsføres på KOSTRA funksjon 253 (sykehjem, aldershjem, barne- og avlastningsbolig). Gjelder både kommunale og private institusjoner, også opphold kjøpt utenfor egen kommune.
- Korrigererte brutto driftsutgifter pr. plass i kommunale institusjoner=(Korrigererte brutto driftsutgifter,funksjon 253+261/plasser i kommunale institusjoner)\*1000.

Pr. utgifter tilknytt bebuardøgn i institusjon ligg Hareid kommune ca midt på treet sett opp i mot nabokommunane med 2307 kr. Her kan det nemnast at dagsmulk i samband med samhandlingsreforma er på 4000 kroner for kvar utskrivingsklar pasient som ikkje vert henta ut av sjukehus. I forhold til kostragruppe 01 og M&R ligg kommunen under gjennomsnittet.

I forhold til Korrigerte brutto driftsutgifter pr. kommunal plass ligg Hareid også her ca midt på treet kostnadmessig i forhold til nabokommunane med 889 224kr. Ulstein er dyrast med 1 081 048kr og Vanylven er billigast med 620 841kr. Gjennomsnittet for M&R er 857 010kr.

### 3.2.3 Sjukefråver

Område	2010			2011			2012			2013		
	Fråværs %	Korttids%	Langtids%	Fråværs %	Korttids%	Langtids%	Fråværs %	Korttids%	Langtids%	Fråværs %	Korttids%	Langtids%
Heile Kommunen	5,3	1,7	3,6	5,6	1,5	3,7	3,64	1,82	6,82	6	1,39	4,61
Velferd *	8,63	2,43	6,2	10,69	2,21	3,48	11,17	1,89	9,28	7,8	1,22	6,58

\*For 2010 og 2011 har ein slått saman område omsorg og helse som i dag tilsvare velferdssektoren

Det går fram av tabellen ovanfor at velferdssektoren har hatt eit relativt høgt sjukefråver dei siste åra. Ein registrerar ein auke i sjukefråveret i perioden 2010-2012 både for velferdssektoren og heile kommunen sett under eitt. I 2013 har kommunen hatt ein nedgang i fråværet. Nedanfor er ei oversikt over sjukefråværet i 2013 innanfor velferdssektoren.

Velferd (ansvar)	2013 januar - juni			2013 juli - desember		
	Fråværs %	Korttids%	Langtids%	Fråværs %	Korttids%	Langtids%
Omsorgskontor	1,26	1,26	0	0	0	0
Somatisk avdeling	0	0	0	0	0	0
Langtidsavdeling	31,33	1,18	30,15	13,19	0,63	12,56
Korttidsavdeling	6,45	1,61	4,85	2,9	1,03	1,87
Dagsoner	0	0	0	0	0	0
Kjøkken	5,25	0,31	4,94	8,06	1,78	6,28
Heimesjukepleie	10,98	1,59	9,39	1,98	1,46	0,52
Omsorgsbustadar og praktisk b	3,15	0,51	2,65	1,72	0,74	0,97
Omsorgsløn	0	0	0	0	0	0
Brukarstyrt pers. assistent BPA	90,41	0	90,41	55,33	0	55,33
Psykiaitri	0	0	0	0	0	0
Bu og Habilitering	7,08	1,73	5,34	2,49	1,46	1,02
Hjellebakken 2	0	0	0	0	0	0
Sum	13,14	1,35	11,79	6,59	0,55	6,04
Helse og koordinerande eining	0,31	0,31	0	4,96	0,74	4,22
Helsestasjon	0,09	0	0,09	0	0	0
Legeteneste	0	0	0	2,31	2,31	0
Fysioterapiteneste	0	0	0	0	0	0
SUM	0,18	0,13	0,04	1,82	0,76	1,06

Administrasjonen har oversendt statistikk for 2013 på ansvarsnivå. Som det går fram av tabellen registrerar ein også ei auke i sjukefråveret første halvdel 2013, medan ein har hatt ein nedgang i sjukefråværet i siste halvdel av 2013. Einingsleiarane hevdar ei mogeleg forklaring som blei nemnt var at omstruktureringa no var ferdig.

Personalleiar hevdar at alt fråværet har skriftelig dokumentasjon anten i form av eigen- eller sjukmelding og vert manuelt registrert inn i Agresso. Fråværsstatistikken skal derfor vere relativt korrekt, vertfall på sektornivå.

## 4 Problemstilling 1

Rapporterer administrasjonen til kommunestyret etter kommunelova og evt. retningslinjer/reglement i kommunen?

### 4.1. Fakta

#### 4.1.1 Økonomirapportar

Hareid kommune utarbeidar kvartalsvise økonomirapportar til kommunestyret. Føremålet med rapporteringa er å gi (politikarane, administrasjonen og andre brukarar) eit reelt bilde av kommunen sin status både når det gjeld grad av måloppnåing og eventuelle økonomiske avvik. Det blei gjennomført kontroll av rekneskapsåra 2011 og 2012.

Det blei i 2011 rapportert til kommunestyret ved 3 høve pr. 31.03, 30.06 og 30.09. (19.05.11, 22.09.11 og 17.11.11 ). I 2012 blei det også rapportert ved 3 høve (26.04.12, 20.09.12 og 22.11.2012).

Alle økonomirapportane inneheld tabellarisk oversikt over avdelingane/sectorane (organisasjonsendring pr 30.09 2012 frå avdeling til sektor), skjema frå budsjettmodul og verbal kommentar frå einingsleiarane/sectorleiarane. Ein registrerar derimot store variasjonar mellom korleis rapportane er oppbygd og kva rapportane inneheld utover det som er nemnt ovanfor. Oversikta nedanfor viser kva rapportane for 2011 og 2012 inneheldt.

Økonomirapport	Samandrag	Regnskapsskjema 1A	Regnskapsskjema 1B (tenesteområde).	Verbal beskriving tenesteområde	Skjema budsjettmodul	Rådmannen sin kommentar/vurdering og evt. forslag til tiltak.	Forklaring periodisering av budsj.	Tiltak
Pr 31.03.11	X	X	X	X	X	X		X
Pr 30.06.11		X	X	X	X	X		X
Pr 30.09.11	X			X	X			
Pr 31.03.12			X	X	X	X	X	
Pr 30.06.12	X	X	X	X	X	X		
Pr 30.09.12		X		X	X	X		

Til dei ulike rekneskapsrapportane er det lagt ved forskjellig typar vedlegg som det går fram av tabellen nedanfor:

Økonomirapport	Vedlegg 1	Vedlegg 2
31.03.11	Budsjettrapport pr område	
30.06.11	Rekneskap pr. resultateining, august	Finansrapport
30.09.11	Hovudoversikt drift	Rekneskapsoversikt på kontonivå
31.03.12	Investeringsrekneskap	Gjeldsportefølje
30.06.12	Økonomisk oversikt, driftsrekneskapen	Finansrapport
30.09.12	Rekneskap pr. resultateining	Finansrapport

#### 4.1.2 Verbale beskrivingar:

Økonomirapportane har ein verbal kommentar utarbeida av einingsleiar/sectorleiar for kvar enkelt eining/sector. Ein registrerar store forskjellar mellom einingane på korleis den verbale beskrivinga er bygd opp og kva den har fokus på. Det er ikkje utarbeida retningslinjer som omhandlar kvar og korleis einingsleiarane skal rapportere (kva som bør ha fokus og vere med i dei verbale kommentarane). Dette gjer at kvaliteten på dei verbale beskrivingane varierer stort. Enkelte avdelingar har ein detaljert beskriving av prognoser og avvik, medan andre avdelingar ikkje har kommentert i det heile.

#### 4.1.3 Budsjettvedtak:

Det er viktig at dei økonomiske rapportane kan samanliknast opp mot budsjettvedtaket. Omstruktureringa (sjå kap 3.1) har ført til at ansvar har blitt flytta i forhold til inndelinga i rekneskapsystemet Agresso, som er tilpassa tidlegare organisasjonsstruktur. Dette gjer at ein del av dei oppretta ansvara ikkje lenger er i bruk, eller har fått bytta namn noko som gjer at budsjetta for 2012 og 2013 viser feil ettersom budsjettet for begge åra er basert på tidlegare organisasjonsstruktur. Dette problemet er derimot av forbigående art og vil bli rett i 2013/2014.

#### 4.1.4 Vesentlege avvik

Det går fram av kommunen sitt økonomireglement kapittel 2.7 at "vesentlege avvik skal kommenterast særskilt, med eventuelle forslag om tiltak for å halde budsjettammene. Undersøking av kvartalsrapportane i 2011 og 2012 viser at vesentlege avvik blir i stor grad kommentert særskilt, men ein ser svært få forslag til tiltak i dei verbale kommentarane. I dei fleste kvartalsrapportane er det også ein sluttkommentar frå rådmannen der dei vesentlege avvika blir kommentert, men også her ser ein svært få forslag til kostnadsreducerande tiltak.

#### 4.1.5 Periodisering:

Det går fram i kvartalsrapporten 31.03 2012 at budsjettet er periodisert og i utgangspunktet fordelt på 12 månadar. Vidare er det kjørt spesielle periodiseringsnøklar:

- Lønsumrådet, konto 10\* er kjørt med lønsending frå 1.mai og ferieutbetaling i juni.
- Ferievikarar konto 10200 innan omsorg, utbet jan, april/mai og juli-sept.
- Godtgjersel folkevalte, konto 10801, utbet. i juli og des
- Straum konto 11800, utbetalt januar
- Forsikring lpmt 11980 utbetalt januar
- Brukarbet. SFO, konto 16000, frimnd juni/juli
- Kommunale eigedomsavgifter, konto 16400, mars, juli nov.
- Skatteinntekter i hovudsak annan kvar mnd.
- Rammetilskot 10 mnd, (ikkje aug og des)
- Aksje utbytte, juni (periode 6)
- Div. andre nøklar.

Vidare går det fram av rapporten at det ligg eit relativt stort fakturavolum i arbeidsflyten for tilvising rundt om i organisasjonen som ikkje er bokført på rapporteringstidspunktet.

#### 4.2 Vurdering:

Gjennomgangen av dokumentasjonen for rapportering til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert tre gongar i 2011 og tre gongar i 2012 pr 31.03, 30.06 og 30.09.

Hovudbodskapen/ innhaldet i rapportane er tilnærma lik rapportering for dei ulike tenesteområda og dei verbale beskrivingane. Derimot følgjer ikkje rapportane ein bestemt mal, noko som gjer det vanskelegare å samanlikne dei ulike rapportane opp mot kvarandre, i tillegg vert det vanskelegare å samanlikne tala i rapportane opp i mot budsjettvedtaket. Det er også stor skilnad mellom korleis dei verbale beskrivingane er oppbygd og kva dei inneheld, noko som gjer samanlikning og oppfølging av avdelingane/einingane vanskeleg. Dei verbale beskrivingane er også presentert på avdeling/sektornivå noko som gjer at enkelte resultateiningar får meir spalteplass en andre. Ein bør vurdere å foreta den verbale kommentaren på resultateiningsnivå.

Det går fram av kvartalsrapport 31.03.2012 at budsjettet er periodisert, men det er mest vanleg at det er rekneskapen som skal periodiserast. Det ligg ikkje føre dokumentasjon som syner at rekneskapen er periodisert eller at det er gjennomført tilfredstillande vurderingar. Større avvik mellom rekneskap og periodisert budsjett (meir/mindreforbruk på dei ulike avdelingane i løpet av året, som resulterer i balanse ved årets slutt) er ein indikasjon på at periodiseringa av inntekter og utgifter ikkje har vore god nok enten i budsjett eller rekneskap. Eit jamt forbruksmønster er ikkje alltid samsvarande med registrerte

utgifter/inntekter, og kommunen bør vurdere å nytte ei periodisering som tek høgde for, og fangar opp betre svingingane i løpet av året.

### 4.3 Konklusjon

Hareid kommune har ei rapporteringsrutinar som i stor grad stettar lov, forskrift og budsjettreglement. Det går fram av kommunelova med tilhøyrande budsjettforskrifter §10 at administrasjonen skal legge fram rapport for kommunestyret minst 2 gongar pr år. Gjennomgangen av dokumentasjonen for rapportering til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert pr 31.03, 30.06 og 30.09 i 2011 og 2012. I tillegg kjem årsrekneskapen/årsmeldinga pr 31.12. Det kan stillast spørsmål ved om dette er dei mest hensiktsmessige rapporteringstidspunkta. Spesielt pr 30.06 som først vert lagt fram for politisk behandling 22.09.11 og 20.09.12, dvs. nesten 3 månadar gammal informasjon.

Forskjellig oppsett på rapporteringa gjer samanlikning av avdelingar/sektorar vanskelig. Dei verbale kommentarane frå kvar avdeling er også av svært forskjellig kvalitet, der enkelte avdelingar i 2011 og 2012 ikkje hadde rapportert.

Den økonomiske rapporteringa skal presenterast på same måte som budsjettvedtaket. Kommunen bør derfor utarbeide ein fullstendig mal for økonomirapportane, slik at framtidige rapportar følgjer same oppsett som budsjettvedtaket. Dette gjeld også å få utarbeida retningslinjer som syner korleis ein ønskjer at dei verbale beskrivingane skal byggjast opp og kva dei skal innehalde. Slik at alle einingsleiarar og kommunalsjefar veit kva dei skal ha fokus på i rapporteringa si.

Det går fram av kommunen sitt økonomireglement kapittel 2.7 at "vesentlege avvik skal kommenterast særskilt, med eventuelle forslag om tiltak for å halde budsjetttrammene. Undersøking av kvartalsrapportane i 2011 og 2012 viser at ein ser svært få forslag til tiltak i dei verbale kommentarane. I dei fleste kvartalsrapportane er det også ein sluttkommentar frå rådmannen der dei vesentlege avvika blir kommentert, men også her ser ein svært få forslag til kostnadsreducerande tiltak.



## 5. Problemstilling 2

Er kvaliteten på rapporteringa vurdert som tilfredstillande?

### 5.1 Innleiing

Ein har gjennomgått økonomirapportane for 2011 og 2012 og undersøkt dei ulike resultatene sine resultat og rammer, og vurdert kor gode prognoser kommunen har utarbeida for dei ulike resultatene (kor flinke "avdelingane"/einingane er å føresjå resultat ved årslutt, og evt. foreslå og sette i verk tiltak ved forventa meirforbruk).

### 5.2 Kvalitet på rapporteringa 2011

#### 5.2.1 Fakta

Det var i 2011 utarbeida 3 økonomirapportar. Dei er bygd opp med direkte tal frå rekneskapen fram til periodeslutt 31/3, 30/06 og 30/09 presentert ved rekneskapsskjema 1A og 1B) og gjennom avdelingsoversikt teken ut av budsjett-/rekneskapssystemet til kommunen. Det er ikkje korrigert i rekneskapsoversiktene for påløpte/ forventa fakturaer som ikkje er registrerte og/eller evt. påløpte inntekter og refusjonar. Det går fram at budsjettet er periodisert.

#### Rekneskapsskjema 1 A rapport pr 31.03 og pr 30.06

Regnskapsskjema 1A	Rekneskap 31.03.2011	Periodisert budsjett 31.03.2011	Rekneskap 30.06.2011	Periodisert budsjett 30.06.2011
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>				
Skatt på inntekt og formue	-32 176	-31 635	-52 172	-54 201
Ordinere rammetilskudd	-28 721	-26 662	-58 815	-54 442
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	-944	-1 163	-2 135	-3 878
Sum frie disponible inntekter	-61 841	-59 460	-113 122	-112 521
<b>FINANSINTEKTER/-UTGIFTER</b>				
Renteinntekter og utbytte	-233	-349	-4 054	-3 381
renteutg. prov. Og andre finansutg.	3 043	3 372	5 875	6 138
Avdrag på lån	2 750	2 343	6 489	6 119
Netto finansinntekter/-utgifter	5 560	5 366	8 310	8 876
<b>AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Til dekning av tidligere års r.meirforbruk	1 039	1 039	2 077	2 077
Til ubundne avsetninger	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	0	206	960	280
Bruk av tidligere års r.mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	-238	-62	-663	-82
Netto avsetninger	801	1 183	2 374	2 274
<b>FORDELING</b>				
Overført til invest.rekneskapen	0	0	295	0
Til fordeling drift	-55 482	-52 911	-102 143	-101 372
Sum fordelt drift (skjema 1B)	54 735	47 842	92 997	80 496
Rekneskapmessig mindreforbruk	-747	-5 069	-8 851	-20 876

#### Rekneskapsskjema 1 B pr 31.03 og 30.06

Regnskapsskjema 1B	Rekneskap 31.03.2011	Periodisert budsjett 31.03.2011	Rekneskap 30.06.2011	Periodisert budsjett 30.06.2011
<b>NETTO DRIFTSUTGIFTER PR OMRÅDE</b>				
Politisk styring og kontroll	561	603	1 070	1 002
Sentraladministrasjon	4 354	3 830	5 841	5 896
Skule	13 866	12 697	24 592	21 544
Ressurscenter	2 449	1 682	1 865	832
Barnehage	6 836	6 865	13 733	12 096
Helse	1 993	1 756	3 484	3 346
Sosial	3 180	2 590	4 810	4 591
Omsorg	17 594	16 110	30 011	26 335
Kultur	1 076	1 111	1 724	1 805
Byggesak geodata, brann	1 077	1 045	1 816	1 656
Kommunalteknikk	-859	-2 762	815	-1 714
Byggesak geodata, brann	1 546	1 013	2 477	1 289
Ymse	385	546	39	760
Hareid sokn	800	901	1 300	1 521
Finans	-123	-144	-580	-464
<b>Netto for Område</b>	<b>54 735</b>	<b>47 843</b>	<b>92 997</b>	<b>80 495</b>

I økonomirapportane pr. 31.03 og 30.06 i 2011 står regnskapsskjema 1A og 1B sentralt. Driftsoversikta i 1A viser rekneskap pr 31.03 med eit mindreforbruk på 0,7mill og pr 30.06 eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 8,8 mill. Regnskapsskjema 1A og 1B går ikkje fram i økonomirapporten pr 30.09.

I tillegg viser økonomirapporteringa avdelingsleiarane sine prognoser ved årsslutt. Denne informasjon er samanhelde med resultatet ved årsslutt i tabellen nedanfor.

#### Områdeoversikt teke ut av økonomisystemet

Netto driftsutgifter pr Avdeling	Prognose 31.03	Prognose 30.06	Prognose 30.09	Budsjett Endring 30.09 (Auke)	Forventa resultat 31.12
Politisk styring og kontroll	0	-140	-100	100	0
Sentraladministrasjon	-18	-60	0	0	0
Skule	-5 358	-6 024	-5 446	2 665	-2 781
Ressurscenter	0	0	0	0	0
Barnehage	-2 175	-3 000	-2 915	1 500	-1 415
Helse	-156	-125	-35	35	0
Sosial	-1 000	0	0	0	0
Omsorg	0	-2 500	-2 000	1 000	-1 000
Kultur	0	0	0	0	0
Byggesak,geodata, brann	0	0	0	0	0
Kommunal teknikk	0	0	0	0	0
Bygg	-2 150	-2 400	0	0	0
Ymse	0	0	0	0	0
Hareid sokn	0	0	0	0	0
Finans	0	1 800	5300	0	250
<b>Sum</b>	<b>-10 857</b>	<b>-12 449</b>	<b>-5 196</b>	<b>5 300</b>	<b>-4 946</b>

Pr 31.03 rapporterte seks avdelingar om forventa meirforbruk, medan åtte meldte om balanse. Det samla meirforbruket var varsla til 10,85 mill kr. Pr 30.06 meldte sju avdelingar om meirforbruk på til saman 14,25 mill kr. Pr 30.09 meldte 5 avdelingar om meirforbruk på

til saman 10,5 mill kr. Spesielt 3 avdelingar meldte om større avvik: Skule 5,4 mill i forventa meirforbruk, barnehage 2,9 mill i forventa meirforbruk og omsorg 2 mill kr i forventa meirforbruk.

I samband med prognose 30.09 blei forventa meirinntekter på finansområdet 5 550 000 kr. Meirinntektene bestod av: - 0,5 mill. reduksjon av inntekt vedk. momskompensasjon frå investering, 1,4 mill. i auka skatteinntekter (med lovnad om at rammetilskotet ikkje vert redusert tilsvarande), 2,5 mill i auke rammetilskot, 1,9 mill i netto inntekt frå negativt premieavvik 2011 og 0,25 mill i ekstra skjønsmidlar, risikoanalyse.

Meirinntektene blei fordelt ut på dei ulike avdelingane slik:

Netto driftsutgifter pr Avdeling	Prognose 30.09	Budsjett Endring (Auke)	Forventa resultat 31.12	Resultat rekneskap/ budsjett 31.12	Avvik mellom prognose pr 30.09 og endelig resultat
Politisk styring og kontroll	-100	100	0	-292	-292
Sentraladministrasjon	0	0	0	453	453
Skule	-5 446	2 665	-2 781	-430	-2 351
Ressurssenter	0	0	0	-849	-849
Barnehage	-2 915	1 500	-1 415	-908	-507
Helse	-35	35	0	-467	-467
Sosial	0	0	0	-301	-301
Omsorg	-2 000	1 000	-1 000	719	1 719
Kultur	0	0	0	440	440
Byggesak, geodata, brann	0	0	0	209	209
Kommunalteknikk	0	0	0	160	160
Bygg	0	0	0	-646	-646
Ymse	0	0	0	147	147
Hareid sokn	0	0	0	-170	-170
Finans	5 550	250	250	250	0
<b>Sum Avdelingar</b>	<b>-4 946</b>	<b>5 550</b>	<b>-4 946</b>	<b>-1 935</b>	<b>-3 011</b>

Det forventa resultatet (prognose) etter fordelinga av meirinntekter viser eit meirforbruk på til saman ca 5,2 mill for avdelingane. Det endelege resultatet for avdelingane viste eit meirforbruk på ca 1,9 mill kr.

## 5.2.2 Vurdering

### Områdeleiarane sine prognoser

Når ein samanliknar prognoser mot endelig resultat på dei ulike områda registrerar ein forskjellar i kvaliteten på rapporteringa gjennom året. Fleire områder har hatt god kvalitet på rapporteringa då prognosane stemmer relativt godt med resultat pr 31.12.

(kommunalteknikk og byggesak, geodata, brann). Det finnast derimot også avdelingar som har hatt mindre god kontroll ved rapporteringa, med større avvik mellom prognose og endelig resultat. Skuleavdelinga signaliserte 6 mill i meirforbruk pr 30.06 og 2,78 mill i meirforbruk etter at ein fekk tildelt midlar pr. 30.09, men meirforbruk vart 430` kr, eit avvik på 2,35 mill kr i forhold til siste prognose. Omsorg forventa eit meirforbruk på 2,5 mill pr 30.06 og 1 mill kr, etter tilførsel av 1 mill i ekstra budsjettmidlar pr. 30.09. Området fekk eit

mindreforbruk på ca 720` kr, eit avvik på 1,72 mill kr i forhold til siste prognose. Ressurssenteret forventa å gå i balanse heile året, men fekk eit meirforbruk på 849` kr.

Samla for kommunen vart avvik mellom resultat og revidert budsjett 1,935 mill kr, medan avviket mellom prognose og endelig resultat blei ca 3 mill kr.

### **Rekneskapstabellar i økonomirapportane - samanhengar**

Eit viktig element med økonomirapportane er at dei skal vere oversiktlege, og enkle å forstå for lesaren. Rekneskapsskjema 1A og område/avdelingsoversikta m/prognose kan lesast som kommunen går mot forskjellige resultat i same rapport, og det går ikkje fram samanhengen eller årsaka til avviket ved dei ulike framstillingane.

Rekneskapsskjema 1 A pr 31.03 og pr 30.06 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på hhv. 0,7 og 8,8 mill , medan område/avdelingsoversikta rekneskapsskjema 1B viser betydeleg meirforbruk og rapportering med tilhøyrande prognoser i agresso viser at område/avdelingsleiarane forventar (prognose) å gå med 10-12 millionar i underskot.

Revisjonen meiner at rekneskapsskjema 1A og 1B gir eit misvisande bilde av rekneskapsmessig resultat ved økonomirapporteringa då det manglar periodisering av rekneskapspostane og kan følgjeleg ikkje samanliknast med periodisert budsjett. Det er uheldig og kan skape forvirring hjå lesaren når ein ikkje ser samanheng mellom rekneskapsmessig resultat i rekneskapsskjema 1 A, 1 B og budsjett rapportering med verbal beskrivelse frå område/avdelingsleiarane.

## **5.3 Rapportering 2012**

### **5.3.1 Fakta**

Det var i 2012 utarbeida 3 økonomirapportar som blei politisk behandla i kommunestyret den 26.04.12, 20.09.12 og 22.11.2012. Dei er bygd opp med tal frå rekneskapsmessig fram til periodeslutt 31/3, 30/06 og 30/09. I 2012 er rekneskapsskjema 1A nytta i økonomirapportane pr 30.06 og 30.09 og ein registrerar same problemstilling som i 2011 mtp. misvisande resultatrapportering i forhold til einingsleiarane si prognoserapportering og verbale beskriving.

Ein registrerte variasjon i korleis den økonomiske rapporteringa vert framstilt i 2012. Økonomirapportane 31/3 og 30/6 hadde same presentasjon som budsjettvedtaket med i alt 15 rammeområde. Kommunen gjennomgjekk ei administrativ omstrukturering i midten av 2012 der tal områder blei redusert frå 15 avdelingar til 5 sektorar med tilhøyrande resultateiningar (sjå kapittel 3.1), og rapporteringa pr 30/9 er oppbygd på den nye strukturen. Dette gjer samanlikning med dei andre økonomirapportane og budsjettvedtaket vanskeleg. Ein har derfor valt å samanlikne prognose pr 30.06 med endelig resultat for

områda/avdelingane, medan ein har vurdert samla prognose pr 30.09 mot samla fordeling av drift (alle avdelingane).

Netto driftsutgifter pr Avdeling	Prognose 31.03	Prognose 30.06	Regulert budsjett	Rekneskap	Avvik mellom reg. budsj. og rekneskap	Avvik prognose 30.06 mot rekneskap
Politisk styring og kontroll	-4	0	2 471	2 693	-222	-222
Sentraladministrasjon	-270	0	12 239	12 189	50	50
<b>Skule</b>	<b>-2 016</b>	<b>-3 888</b>	<b>54 528</b>	<b>56 750</b>	<b>-2 222</b>	<b>-1 666</b>
Ressurssenter	0	0	3 678	3 708	-30	-30
Barnehage	-376	-2 407	31 943	34 124	-2 181	-226
Helse X)	0	0	14 280	8 710	5 570	5 570
Sosial	0	0	10 522	12 808	-2 286	-2 286
Omsorg X)	0	0	56 959	67 311	-10 352	-10 352
Kultur	0	0	3 663	2 958	705	705
Byggesak, geodata, brann	0	0	4 612	4 979	-367	-367
<b>Kommunal teknikk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 206</b>	<b>1 631</b>	<b>1 575</b>	<b>1 575</b>
Bygg	0	0	4 486	4 930	-444	-444
Ymse	0	0	953	293	660	660
Hareid sokn	0	0	2 870	3 040	-170	-170
Finans	0	0	-10 329	-12 498	2 169	2 169
	<b>-2 666</b>	<b>-6 295</b>	<b>196 081</b>	<b>203 626</b>	<b>-7 545</b>	<b>-1 250</b>

X) Avvik mellom rekneskap og budsjett for helse, kjem av at budsjettet for samhandlingsreforma ca 6,7 mill. er budsjettert i området helse, men utgiftene er rekneskapsført i området omsorg.

Pr 31.03 rapporterte fire avdelingar om forventa meirforbruk ved slutten av året medan ti meldte om balanse. Det samla meirforbruket var på 2,666 mill kr. Pr 30.06 meldte to avdelingar om meirforbruk på til saman ca 6,3 mill kr.

Tabellen nedanfor viser forventa prognose på den nye strukturen pr 30.09.

Sektor og resultatteiningar	Vurdering av avvik	Einingsleiar vurdering avvik (kr)
Sentraladministrasjonen	Akseptabelt	0
Oppvekst	Alvorlig	-4879
Velferd	Alvorlig	-4000
Næring kultur og samfunnsutvikling	Akseptabelt	0
Teknisk drift og bygg	Akseptabelt	0
<b>SUM</b>		<b>-8879</b>

Pr 30.09 blei det rapportert på den nye strukturen der oppvekst og velferd meldte eit meirforbruk på til saman 8,88 mill kr. Det endelege resultatet for avdelingane viste eit meirforbruk på ca 7,5 mill kr.

### 5.3.2 Vurdering:

Når ein samanliknar prognoser mot endelig resultat på dei ulike områda registrerar ein forskjellar i kvaliteten på rapporteringa gjennom året. Spesielt pr 31.03 og 30.06 ser ein

større avvik hos enkelte avdelingar. Rapporteringa på den nye organisasjonsstrukturen pr 30.09 gjorde at det er vanskeleg å vurdere kor god kvaliteten på rapporteringa har vore på resultatteiningsnivå. Ein registrerar at sektoren "oppvekst" som hovudsakelig består av avdelingane skule og barnehage hadde eit forventet eit meirforbruk på ca 4,88 mill kr pr 30.09. Skuleavdelinga fekk eit meirforbruk på ca 2,2 mill kr medan barnehageavdelinga fekk eit meirforbruk på 2,28 mill kr (sum 4,48 mill kr). med endeleg prognose.

Sektor "Velferd" består hovudsakelig av avdelingane "helse" og "omsorg" og signaliserte eit forventet meirforbruk på 4 millionar pr 30.09. Dei store avvika på desse to avdelingane (helseavdelinga 5,570 mill kr i mindreforbruk og omsorgsavdelinga med overforbruk på 10,325 mill kr, skuldast i hovudsak at budsjettet for samhandlingsreforma ca 6,7 mill er budsjettet i området helse, medan utgiftene er rekneskapsført i området omsorg. Ser ein difor dei to avdelingane under eitt fekk avdelingane eit overforbruk på 4,755 mill pr 31.12, som tilsvarar eit avvik på 755` kr i forhold til prognose pr 30.09.

Sum avvik mellom resultat og revidert budsjett vart 7,545 mill kr, medan avviket mellom prognose og endelig resultat var 1,334 mill kr. Samla sett stemte prognosen pr 30.09 til kommunen relativt bra, men ein såg større avvik pr 31.03 og 30.06

## 5.4 Konklusjon

	Prognose 31.03	Prognose 30.06	Prognose 30.09	Avvik mellom budsjett og rekneskap.	Avvik mellom resultat og prognose 30.09
2011	-10857	-12499	-4946	-1935	-3011
2012	-2666	-6295	-8879	-7545	-1334

Kvaliteten på rapporteringa er avgrensa til kontroll 2011 og 2012. Tabellen ovanfor viser at kommunen har hatt variabel kvalitet på sine prognoser der spesielt rapporteringa pr 31.03 og pr 30.06 har hatt relativt store avvik i forhold til endeleg resultat. Prognose pr 30.09 har vore tilfredstillande for sum avdelingar, i alle fall i 2012 (3 mill meirforbruk i 2011 og 1,3 mill i meirforbruk i 2012), men ein registrerte derimot større avvik på enkelt avdelingar.

For at rekneskapskjema 1A og 1B skal ha informasjonsverdi og gi eit rett bilde av rekneskapsresultatet på rapporteringstidspunktet må rekneskapspostane periodiserast. Dette er og viktig for at det skal vere samanheng i økonomirapportane mht. rekneskapskjema 1 A, 1 B og einingsleiarane si rekneskapsprognose med tilhøyrande verbale beskriving.

## 6 Problemstilling 3

Har kommunen sine sektorer/resultateiningar tilfredstillande styringsverktøy og budsjettoppfølging.

### 6.1 Innleiing

Kommunen sitt styringsverktøy bygg på rekneskapssystem, budsjettstyringssystem, og interne rutinar knytt til budsjettkontroll og rapportering. Dette omfattar også kommunen sitt økonomireglement og kommunalsjefane sin rapportering. Kontrollutvalet ønskte at revisjonen hadde spesielt fokus på sektoren for velferd. Ein gjennomførte intervju av rådmann, alle kommunalsjefar, leiar for økonomiavdelinga og alle einingsleiarar innanfor sektoren Velferd.

### 6.2 Rekneskapssystemet som styringsverktøy

#### 6.2.1 Fakta

Hareid kommune nyttar i dag Agresso Business World som er eit ERP-system (Enterprise resource planning ). Dette er ei programvare som er oppbygt av fleire modular som støttar opp om eit fleirtal av verksemda sine tenestoområde.

Systemet er levert av UNIT4 Agresso AS som saman med sine partnerar har ei kundeportefølje på ca 800 i Noreg. I Noreg vert systemet spesielt nytta av mange offentlege etatar og kommunar, men det er også populært i anleggs- og byggebransjen. Tradisjonelt har Agresso hatt sin styrke i prosjekterrelaterte verksemdar.

Systemet er brukt av alle dei sju kommunen på Søre Sunnmøre og om lag 50% av alle kommunane i Noreg nyttar dette systemet.

Selskapet omtalar programvaren sin slik på sine egne heimesider:

*”Produktporteføljen Agresso Business World (ABW) består av fullt integrerte økonomi- og personalsystemer. Til sammen ivaretar ABW alle sentrale deler av økonomistyring, kompetanseforvaltning, personaladministrasjon og tilhørende ledelsesinformasjon for mellomstore og store organisasjoner”*

*”Agresso Økonomisystem har omfattende funksjonalitet og fleksibel oppbygning. Det gjør effektiv datafangst, overvåking og rapportering av nøkkelinformasjon til en enkel operasjon.”*

**Vidare vert fordelar og funksjonar beskreve på leverandøren sine heimesider.**

**”Fordeler med Agresso økonomisystem:**

*Frigjør tid til analyse, kontroll og økonomisk styring for ledere på ulike nivåer*

*Rask tilgang til beslutningsgrunnlag gjennom gode online spørre- og rapporteringsverktøy*

*Redusert rapporteringstid gjennom automatiske rutiner for periodeavslutning*

*Avvik kan analyseres ved gode "drill-down" funksjoner "*

***"Nøkkelfunksjoner i Agresso Økonomisystem:***

*Agresso Økonomisystem omfatter bl.a. hovedbok, kunde-/leverandørreskontro, budsjett, anleggsregnskap og betalingsformidling.*

*Agresso Økonomisystem har Effektive rutiner for automatposterings, periodiseringer og avsetninger.*

*Agresso Økonomisystem utnytter moderne teknologi til elektronisk distribusjon av økonomisk informasjon".*

I samtale med rådmann, kommunalsjefar og økonomileiar har ein fått inntrykk av at leiinga er nøgd med økonomisystemet.

**Budsjett**

Økonomisystemet Agresso har ein budsjettmodul (Agresso planlegger). Budsjettmodulen støtter hele budsjettprosessen fra utarbeidelse av økonomiplan til detaljering, regulering og periodisering av årsbudsjett, og legg opp til arbeidsflyt mellom einingane og sentraladministrasjonen.

Hareid kommune nyttar budsjettplanleggaren i sitt arbeid med utarbeiding og oppfølging av kommunebudsjettet. I planleggaren skal einingsleiarar og kommunalsjefar utarbeide og legge inn forslag til interne budsjettendringar og tiltak i økonomiplanen som økonomiavdelinga kan godkjenne. Månadsrapportar og økonomirapportar vert i stor grad utarbeide gjennom dette systemet.

Økonomiavdeling har gjennomgått systemet med alle einingsleiarane for å vise korleis dei brukar systemet. Fleire av einingsleiarane synest denne gjennomgangen var bra og lærerik, men at denne opplæringa ikkje var tilstrekkelig for å få innsikt og kunnskap i korleis ein kan nytte systemet sjølvstendig. Det blir derfor prøving og feiling, og enkelte einingsleiarar hevdar derfor at det grunnleggande ikkje sit og at ein ofte må spørje økonomisk rådgjevar (velferd) om hjelp. Einingsleiarane samarbeidar tett med kommunalsjefen og økonomisk rådgjevar som godkjenn arbeidet til einingsleiarane.

**6.2.2 Vurdering**

Økonomisystemet som kommunen nyttar i dag er eit fleksibelt og brukarvennlig system. Systemet er brukt av ca 50% av kommunane i Noreg i tillegg til andre private og offentlige instansar. Systemet gir Rådmannen, kommunalsjefar og einingsleiarar god økonomisk oversikt, og gir svært få begrensingar i utforming av spørjingar og rapportar. Ei mulig begrensing vil vere dei tilsette sin kompetanse til å utnytte alle dei ulike funksjonane systemet gir. Revisjonen meiner difor at økonomisystemet kommunen har i dag gir gode muligheter for styring og kontroll.

I samband med budsjettarbeid og budsjettstyring vert modulen Agresso planleggjar nytta. Denne modulen gjer at kommunalleiarar og einingsleiarar her eit godt verktøy til å følgje



opp, samt gjere eventuelle interne budsjettendringar innanfor si ramme. Ein stillar derimot spørsmål ved om kompetansen til einingsleiarane er god nok både mtp. det reinte praktiske i forhold til korleis en nyttar systemet, men også i forhold til å forstå innhald og periodisering av budsjettet og gjere gode nok økonomiske vurderingar. Systemet og økonomiske rapporteringa vert Økonomirapporteringa og systemet vert ikkje betre enn "input".

## 6.3 Månadsrapportar som styringsverktøy:

### 6.3.1 Fakta

Det går fram av kommunen sitt økonomireglement punkt 2.7 "Rapportering" at: "*Rådmannen utarbeider ein samordna "Tertialrapport" pr 30. april og 31. august med fokus på avvik i høve til dei mål og føresetnader som er vedteke i årsbudsjettet. Vesentlege avvik skal kommenteres særskilt, med evt, forslag om tiltak for å halde tildelt budsjetttramme. Rapporten vert lagt fram som sak for formannskapet og kommunestyret snarast mogeleg etter 1. og 2. tertial"*.

Det går indirekte fram av kommunen sitt økonomireglement kap. 2.3 "Disposisjonsmynde i budsjettsaker" at kommunen skal utarbeide månadlege økonomirapportar til formannskapet. Det går også fram av kap 2.6 at : "*Rådmannen skal ved utgangen av kvar månad gjere naudsynte avviksvurderingar i høve til budsjettet, og setje i verk reelle justeringer i driftsaktiviteten som er naudsynt for å tilpasse aktivitetsnivået til tildelt budsjetttramme"*.

Månadsrapportane vert på same måte som kvartalsrapportane utarbeidde i Agresso planleggar. Dei ulike einingsleiarane går i gjennom det økonomiske resultatet for kvar månad og kommenterar på vesenlege avvik. Einingsleiarane utarbeidar rapporterar til kommunalsjefen som "godkjenner" og samanstillar ein verbal kommentar for heile sektoren som vert vidaresendt til økonomiavdelinga som utarbeidar sjølve månadsrapporten.

### Månadsrapportar til politisk behandling

Revisjonen har gjennomgått alle møteprotokollar for formannskapet for 2013 for å undersøkje om det vert presentert månadsrapportar til politisk behandling. Ein registrerte at det har vore presentert 4 månadsrapportar ( april 2013, August 2013, oktober 2013 og november 2013) for formannskapet i tillegg til 3 kvartalsrapportar.

Oversikta nedanfor viser månadsrapportar utarbeida til formannskapet i 2013. Som det går fram vart det ikkje presentert månadsrapportar for rekneskapsmånadane januar, februar, mai og juli. For mars, juni og september blei det presentert kvartalsrapportar som også gjekk til kommunestyret.

Formannskapet Månadsrapportering	01/13	02/13	03/13 Kvartal	04/13	05/13	06/13 Kvartal	07/13	08/13	09/13 Kvartal	10/13	11/13
Kommentar rådmannen	Ikkje rapportert	Ikkje rapportert	OK	Ikkje rapport ert	Ikkje rapportert	OK	Ikkje rapportert	OK	OK	OK	OK
Sentraladministrasjon			Ok	OK		OK		OK	OK	OK	
Oppvekst			Ok	OK		OK		OK	OK	OK	
Velferd			OK	OK		OK		OK	OK	OK	
Næring, kultur og samf. utvikling			OK	OK		OK		OK	OK	OK	
Komm. teknisk drift			OK	Ikkje rapport ert		OK		OK	OK	OK	

Tabell 3: Rapportering til formannskapet

### 6.3.2 Vurdering:

Månadsrapportering bør vere eit godt verktøy for økonomisk styring for administrasjonen internt og for politikarane til å få regelmessig oppfølging på den økonomiske situasjonen i kommunen. Ein registrer at det har vore mangelfull utarbeiding av månadleg rapportering til politisk behandling i formannskapet. Det går indirekte fram av økonomireglementet at det skal rapporterast månadleg til formannskapet, men kommunen bør revidere økonomireglementet og presisere korleis månadsrapporteringa skal praktiserast.

Ein registrerar også at enkelte avdelingar ikkje har rapportert i det heile (april). Einingsleiarar og kommunalsjefar har eit rapporteringsansvar, når ein ikkje rapporterar mister rapportane truverde og sin funksjon som eit styringsverktøy. Månadsrapporteringa har vore mangelfull i første halvdel av 2013, men ein såg betring i rapporteringa i siste halvdel 2013. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak for å få på plass betre rutinar kring månadsrapportering.

## 6.4 Økonomireglement som styringsverktøy

### 6.4.1 Fakta

Hareid Kommunen godkjende i sak PS70/10 den 16.12.201 eit økonomireglement. Det går fram av reglementet at det er oppbygd med NKK (Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnkreving) sitt normalreglement som grunnlag og tilpassa kommunen sitt eige behov. Vidare går det fram at reglementet er sett saman av to delar:

1. Reglement, vedteke av kommunestyret
2. Rutinehandbok bygd på prinsipp i dette reglementet.

Det går fram av reglementet at rutinehandboka viser til budsjett og rekneskapsteori som igjen syner til eigne rutinar for korleis kommunen løyser dei viktigaste spørsmåla innanfor

eiga økonomiforvaltning. Mynde til å oppdatere og foreta endringar av rutinehandboka ligg hos rådmannen. Ein registrerar at det vert vist til tertialrapportering og ikkje kvartalsrapportering i kommunen sitt reglement.

Administrasjonen opplysar at ein ikkje har fått utarbeidd rutinehandbok der ein har fått samla alle rutinane og at det derfor på dette området gjenstår ein del arbeid. Vidare har administrasjonen planar om å ta opp økonomireglementet til revisjon som sak til kommunestyret i løpet av 2014, då der er delar som ikkje er i samsvar med den nye rapporteringa jfr tertialrapportering/kvartalsrapportering.

#### 6.4.2 Vurdering

Hareid kommune har eit tilfredstillande økonomireglement i høve dei vurderingar og kontrollar ein har gjennomført i samband med prosjektet, men det ikkje utarbeidd rutinehandbok der ein har fått samla alle rutinane og at det på dette området gjenstår ein del arbeid. Med ca 30 personar som har budsjett og rapporteringsansvar i kommunen er det særdeles viktig at ein har eit felles reglementet og rutinar som alle er kjent og innforstått med.

### 6.5 Forpliktande plan – styringsverktøy

#### 6.5.1 Fakta

Kommunar i ROBEEK er pålagde av KRK å utarbeide ein forpliktande plan som syner korleis kommunen skal etablere økonomisk kontroll. I KRK sine retningslinjer går det fram at ein forpliktande plan er ein plan med konkrete utgiftsreducerande tiltak som viser korleis kommunen skal gå fram for å komme i økonomisk balanse.

28.08.2012 hadde fylkesmannen møte med Hareid kommune der det blei lagt fram forventningar og krav om at det vart utarbeidd ein "Forpliktande plan" for iverksetting av tiltak for å dekkje inn akkumulert meirforbruk frå åra 2009 – 2012 ( 15,2 mill kr). For dei ulike sektorane er det lista opp ein del tiltak som skal settast i verk i løpet av 2013.

Ut i frå den forpliktande planen for 2013 er det planlagt at dei ulike avdelingane innanfor velferd skal ha ei innsparing på 3,2 millionar i 2013 og dette skal hovudsakelig gjerast gjennom reduksjon av stillingar.

Resultateining	Budsjett 2013
Helse og koordinerande eining	-250 000
Sjukeheim	-965 000
Kjøkken	-380 000
Heimetenestene	-830 000
Bu og Habilitering	-275 000
Auke Inntekter	500 000
<b>Sum innsparing</b>	<b>3 200 000</b>

Den 08.10.2013 sendte Hareid kommune ein rapport vedkommande forpliktande plan 2013 til

Sektor	Innsparingsmål 2013	Forventa innsparing 2013	Avvik frå mål
Sentraladm.	150 000	150 000	0
Oppvekst	2 937 000	2 937 000	0
Velferd	835 000	0	835 000
Næring/kultur/utvikling	20 000	20 000	0
Kommunalteknikk	500 000	0	250 000
<b>Totalt</b>	<b>4 442 000</b>	<b>3 107 000</b>	<b>1 085 000</b>

fylkesmannen. I rapporten blei det presentert ein tabell som viste samla oversikt over innsparingsmål, forventa innsparing og avvik frå mål 2013 pr sektor:

Vidare går det fram av rapporten at: *rekneskapsrapportane pr 30.06 og 31.08 signaliserar eit meirforbruk innan tenesteområda på om lag 7 mill. Dette vil kunne føre til at kommunen ved rekneskapsavslutninga for 2013 må stryke budsjettert avsetning på 6 mill. til dekning av tidlegare års akkumulerte meirforbruk på 16,2 mill. Dette vil då kunne gje eit rekneskapsmessig meirforbruk på ca 1 mill.*

For sektoren Velferd går det fram at totale netto rammer er på 77,3 mill kr. Utrekna netto behov ut i frå tilsett personell hausten 2012 var 78,6 mill kr. Kommunen si ramme har derfor ikkje vore realistisk og at kommunen vil mangle ca 1,4 mill kr i 2013. Om ein tek med alle øymerka midlar til øyeblikkelig hjelp- funksjonen går det fram at sektoren samla sett må ned med om lag 835 ` kr.

#### **Signaliserte tiltak i forpliktande plan 2013:**

Resultateining	Tiltak 20.12.2012	Tiltak 08.10.2013	Rapport okt. 2013
<b>Helse og koordinerande eining</b>	Redusere bemanning ved dagsenter 25% stilling. Redusere utgifter transport dagplass.		Tiltak er gjennomført. Prognose for årsslutt er balanse.
<b>Sjukeheimen: (korttidsavdelinga) (Langtidsavdelinga)</b>	Reduksjon av 1,75 stillingar. Fleire korte vakter på 5 timar. Helgebemanning heile veka.	Reduksjon leiarar tilsvarande 50% stilling for begge einingane.  Reduksjon av 60% stilling.	Alle tiltak er gjennomført. Det vert arbeid målretta for å få ned sjukefråværet, som tiltak for å komme i balanse. Ytterligare nedskjæringar av stillingar vil være uforsvarleg.
<b>Kjøkken</b>	Reduksjon 75% stilling Reduksjon i catering	Reduksjon innarbeidd i ramma 75% stilling I Reduksjon 50% stilling	Tiltak er gjennomført. (kjøkkenet vil gå med 1 mill i underskot grunna overføring av lønsmidlar reinhaldsteneste.
<b>Heimetenestene:</b>	Reduksjon 1,5 stillingar	Reduksjon leiarar	Tiltak er gjennomført.

(Heimesjukepleie) (Omsorgsbustadar og praktisk bistand)		tilsvarande 50% stilling I tillegg: reduksjon 30% stilling.  Reduksjon 50% heimehjelp stilling I tillegg: reduksjon i 100% stilling	Overforbruk på 300 000 ved årsslutt
<b>Bu og Habilitering</b>	Færre nattevakter helg Færre tilsette på vakt deler av dagen	Reduksjon utover ramme: 60% stilling	Eininga manglar 2 stillingar pr. dd Grunna nye brukarar er det uråd å komme i balanse.

Det går vidare fram at tiltaka for sektorane er i liten grad sett i verk fordi turnusar må omarbeidast, noko som har vore vanskeleg før rammene har vore klare.

### 6.5.2 Vurdering

Som det går fram av kommunen sin forpliktande plan er det for velferdssektoren i hovudsak lønnskostnadar som skal reduserast gjennom kutt i stillingar. Oversikta nedanfor viser lønnskostnadar pr 30.11 i 2012 og 2013. Ut av oversikta kan ein sjå at sektoren hadde samla sett 2,8 mill lågare faste lønnskostnadar pr nov. 2013 enn pr nov. 2012. Dette kan tyde på at tiltaka kan ha vore sett i verk. Derimot registrerar ein relativt høge totale vikarkostnadar og bruk av ekstrahjelp noko som kan tyde på at dei reduserte stillingane vert kompensert for ved hjelp av auka vikarbruk og ekstrahjelp, og at sektorane i stor grad ikkje har hatt nokon økonomisk vinst av tiltaka som har blitt gjennomført.

#### Utvikling lønnskostnadar omsorg nov. 2012 til nov 2013

Lønnskostnadar Omsorg (ansvar 4010 - 4052):	Rekneskap pr 30.11.2012	Rekneskap pr 30.11.2013	Avvik mellom 2012 og 2013
Fast lønn	29 368 792	26 548 951	2 819 840
Pensjonsgjevande tillegg	3 676 863	3 756 688	-79 824
Vikar	2 895 825	4 388 102	-1 492 277
Sjukevikarar	2 636 099	2 787 106	-151 006
Ferievikar	2 060 133	1 579 477	480 656
Pensjonsgjevande tillegg vikar	0	0	0
Variable tillegg vikarar	2 716 364	3 562 300	-845 936
Ekstrahjelp	2 028 977	2 980 868	-951 891
<b>SUM</b>	<b>45 383 053</b>	<b>45 603 490</b>	<b>-220 437</b>
Utbetaling ferie/ekstraarbeid	63 678	73 067	-9 389
Overtid	859 650	1 266 254	-406 604
Lønn og trekkpliktige godtgjersle	7 140	15 985	-8 845
Lønn lærlingar	261 396	356 389	-94 993
Arbeidsgodtgjersle fosterheim	0	0	0
Arbeidsgodtgjersle støttekontakt	114 110	49 137	64 972
Arbeidsgodtgjersle avlastning	7 860	22 930	-15 070
Omsorgslønn	217 482	267 620	-50 138
Lønn reinhald		128 847	-128 847
Pensjon	6 553 084	7 245 065	-691 981
Kolle. ulyk- og gruppelevforsikring	110 370	97 993	12 377
Arbeidsgiveravgift	7 117 998	7 258 551	-140 553
<b>SUM</b>	<b>60 695 823</b>	<b>62 385 331</b>	<b>-1 689 507</b>

Tiltaka i den forpliktande planen skal vere realistiske. Ser ein på dei forventa innsparingsmåla for 2013 var desse på 3,1 mill kr. Kommunen signaliserte i sitt brev til fylkesmannen 08.10.2013 at avdelingane signaliserte eit samla meirforbruk (heile kommunen) på 7 mill kr og at budsjetterte avsetningar måtte strykast. Når i tillegg dei fleste avdelingane rapporterer om at dei planlagde tiltaka er gjennomførte må ein stille spørsmål ved om tiltaka var realistiske og tilstrekkelige for å følgje opp kravet til budsjettert avsetning og inndekning av tidlegare års meirforbruk.

Revisjonen meiner at den forpliktande planen kan og bør vere eit godt styringsverktøy for dei ulike sektorane i kommunen. Kommunen bør vurdere og legge rapportering om status på den forpliktande planen til dei kvartalsvise økonomirapportane som går til politisk behandling.

## 6.6 Budsjettstyring

### 6.6.1 Oppfølging av einingsleiarar velferd.

#### **Kompetanse:**

Som det går fram av kap 3 (organisering) er sektoren velferd relativt ny. I samband med omorganiseringa blei det utnemnt/oppreta 5 einingsleiarar som skulle ha budsjett og rapporteringsansvar samt personalansvar. Einingsleiarane er i stor grad fagpersonell innan for sine områder (helse/omsorg), med liten/ingen økonomisk bakgrunn. Forutan om einingsleiar for Bu og habilitering (tidlegare har jobba i bank) har ingen av einingsleiarane innanfor sektoren opplæring eller spesiell kompetanse innan økonomi og økonomistyring.

#### **Opplæring:**

I samtale med einingsleiarane vert det i stor grad ytra ønske om meir opplæring i sjølve økonomisystemet, men også mtp. grunnleggande økonomisk forståing, slik at ein kan ha føresetnadar for å ta stilling til, og vurdere sine egne budsjett. I samtale med einingsleiarane blei det hevda at ein hadde fått ein gjennomgang av økonomisystemet med økonomiavdelinga mtp rapportering, men at ein ønskjer meir kunnskap om korleis nytte systemet i det daglege oppfølgingsarbeidet og budsjettkontrollen mtp. analysar, spørringar osv. I tillegg har einingsleiarane avgrensa med økonomisk forståing mtp. prognoser, periodiseringar osv. Ein ønskjer difor også meir opplæring innanfor desse felta.

Slik opplæringa er i dag er det mykje prøving og feiling, samt spørsmål og hjelp frå den økonomiske rådgjevaren ved sektoren. Einingsleiarane hevdar dei blir følgt opp og får den hjelpa dei treng frå den økonomiske rådgjevaren og kommunalsjefen, men at dei kan tenke seg å verte meir sjølvstendige.

#### **Eigarskap til budsjettet:**

Fleire av einingsleiarane hevdar dei ikkje nok grunnleggande økonomisk forståing til å kunne ta stilling til budsjettet. Einingsleiarane byrja i stillingane sine i på hausten 2012 midt i

budsjettarbeidet for 2013. Sektoren sin økonomiske rådgjevar tok derfor mykje av dette budsjettarbeidet. I det daglege arbeidet hevdar einingsleiarane dei har lite oppfølging av budsjett pga manglande kompetanse til å foreta spørjingar og utnytte agressosystemet. Det er også berre ein av einingsleiarane som har fakturaansvar (helse og koordinerande eining), fakturaer knytt til dei resterande einingane går via rekneskapsansvarleg ved sjukeheimen eller direkte til økonomiavdelinga. Kontroll over daglege utgifter er derfor liten då ein i mindre grad mottek fakturaer som er tilknytt si eining og spesielt mtp. at ein ikkje har kunnskap/kompetanse til å kontrollere det som er skanna av fakturaer i økonomisystemet. Det kan derfor sjå ut som om det økonomiske ansvaret som einingsleiarane er tildelt avgrensar seg i stor grad til månads- og kvartalsrapportering.

#### **Er det etablert rutinar og praksis for økonomioppfølging og budsjettkontroll ?**

Det er kommunalsjefen som har oppfølgingsansvar for dei ulike einingsleiarane. Kommunalsjefen har leiarmøter kvar 14 med sine einingsleiarar og på desse møta vert det hevda at økonomi er eit sentralt tema i tillegg til eigne saker. Kommunalsjefen trekk vidare fram ein del positive erfaringar i forhold til ROBEK- nettverket, der ein blant anna har fått tilgong til ein del verktøy som ein ønskjer å implementere i sektoren.

I samband med budsjettreportering rapporterar einingsleiarane kvar månad til kommunalsjefen. I den samanheng følgjer kommunalsjefen opp einingsleiarane mtp. tiltak, medan det hovudsakelig er økonomirådgjevaren som stressar talmateriale, og det er kommunalsjefen som godkjenner einingsleiarane si økonomiske rapportering. Når ein alle einingsleiarane har rapportert er det kommunalsjefen som samanstill og utarbeidar den endelege rapporten som vert oversendt rådmannen.

I samband med arbeidsprosessen for driftsbudsjettet 2014 har økonomileiar i kommunen utarbeida eit internt budsjetttrundskriv. Rundskrivet gir informasjon og instruksar om kva og korleis avdelingsleiarane skal rapportere. Det går bla. fram av rundskrivet at tenesteleiarane innan 31.august skal ha ajourført sine detaljbudsjett i Agresso Web. – slik budsjettansvarleg vil ha sitt rammebudsjett. Dette skal nyttast som budsjettkladd for 2014. Per i dag har einingsleiarane små føresetnadar, og ikkje tidlegare erfaringstal (nye einingar) å nytte i budsjettarbeidet. Oppfølging av einingsleiarane vil derfor vere nødvendig.

#### **Er det gjennomført risikovurderingar?**

Det vert ikkje gjennomført risikovurderingar mtp. økonomistyring og budsjettoppfølging innanfor velferdssektoren. Det vert derimot gjennomført risikovurderingar innanfor fagområda mtp. handtering av prosedyreavvik, feil og manglar osv.

#### **6.6.2 Vurdering**

I kommunelova §23.2 er det slått fast at rådmannen skal sørge for at administrasjonen er gjenstand for tryggande kontroll og hovudmålet med dette er å understreke rådmannen sitt

ansvar for å etablere tilfredstillande rutinar for intern kontroll med dei ulike verksemdene i organisasjonen. I praksis betyr dette at rådmannen må delegerer oppgåvene med utarbeiding av rutinar for internkontroll og oppfølging av rutinar.

I følge COSO rammeverket er kontrollmiljøet dvs. dei menneska som jobbar i organisasjonen og deira eigenskapar, kompetanse og haldningar som er fundamentet internkontrollsystemet byggjer på. Etter vårt syn er føresetnadane for internkontroll og økonomistyring ikkje er den beste innanfor velferdssektoren pga. liten kompetanse innanfor økonomistyring og budsjettoppfølging blant dei mange einingsleiarane som no har budsjettansvar.

Vidare innan teori om internkontroll (COSO) vert informasjonsflyt, kontrollaktivitetar og risikovurderingar nemnt som viktige element. Det er ikkje føreteke ei systematisk risikoanalyse innan budsjett og økonomistyring ved sektoren. Men einingsleiarane vert tett oppfølgt av økonomisk rådgjevar og kommunalsjef i høve rekneskapsrapportering. I tillegg vert der halde leiarmøte kvar 14 dag, der økonomi er tema.

Budsjettansvar og rapportering ligg no på 5 einingsleiarar innanfor velferd, noko som fører til ei mindre og dermed meir oversiktleg eining og forhåpentlegvis meir fokus og detaljkunnskap kring drift og budsjettstyring, men dette krev opplæring og kompetanse. Slik organisasjonen fungerer i dag er økonomisk rådgjevar og kommunalsjef svært sentrale i arbeidet til einingsleiarane. Det bør derfor vere eit mål for kommunen og gi tilstrekkeleg opplæring til alle dei nye einingsleiarane slik at dei kan nytta Agresso som det styringsverktøy det er tenkt å vere. Spesielt opplæring/forståing av periodisert budsjett/rekneskap, spørjingar og rapportar bør vere sentrale element i denne opplæringsprosessen.

## 6.7 Einingsleiarane sin budsjett disiplin:

### 6.7.1 Innleiing

Tabellen nedanfor viser hovudpostar for heile kommunen i 2012. Lønn og sosiale utgifter har det største avviket med nesten 14,9 mill i meirforbruk i forhold til budsjett. Meir-refusjon sjukeløn utgjør 1,6 millionar, men inngår under refusjonar i tabellen.



Hovudpostar heile kommunen	Rekneskap pr 31.12	Revidert budsjett	Avvik
Lønn inkl.sosiale utgifter	195 036 048	180 154 835	14 881 213
Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	40 455 744	34 938 856	5 516 888
Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	20 532 035	26 164 125	-5 632 090
Overføringer til andre	34 870 507	25 677 264	9 193 243
Finansieringsutgifter	46 405 553	53 844 150	-7 438 597
Salsinntekter	-49 092 435	-47 946 172	-1 146 263
Refusjonar	-37 052 459	-24 461 285	-12 591 174
Overføringer fra andre	-229 691 239	-226 909 000	-2 782 239
Finansieringsinntekter	-21 463 753	-21 473 757	10 004
	0	-10 984	10 984

Postane for kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon og kjøp av varer og teneste som erstattar kommunal tenesteproduksjon opphevar i stor grad kvarandre, og det er ikkje gått nærmare inn på årsaka til denne dreinga. Posten "overføringer til andre" registrerar ein underbudsjettering på samhandlingsreforma (5,5 mill), tilskot private barnehagar og momskompensasjon, medan på post for refusjonar er det registrert ein del inntekter knytt til momskompensasjon som ikkje var budsjetterte. Det er og registrert 5,5 mill i inntekter under refusjonar som mest sannsynleg må sjåast i samheng med kostnadane knytt til samhandlingsreforma.

Kontrollutvalet ønskte at revisjonen skulle sjå nærmare på sektoren velferd (pleie og omsorg). Også her registrerar ein at lønn og sosiale kostnader har dei største avvika (sjå tabellar nedanfor).

Hovedpostar omsorg	Beløp	Beløp DD	Avvik
Lønn inkl.sosiale utgifter	68 967 565	62 075 471	6 892 094
Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	8 123 619	8 208 112	-84 493
Kjøp av tjenest.som erstattar komm.egenproduksjo	4 631 764	4 263 622	368 142
Overføringer til andre	7 094 906	1 681 375	5 413 531
Finansieringsutgifter	1 474	0	1 474
Salsinntekter	-9 643 167	-8 407 182	-1 235 985
Refusjonar	-11 264 475	-10 862 738	-401 737
Overføringer fra andre	-799 500	0	-799 500
Finansieringsinntekter	-32 268	-4 500	-27 768
	67 079 920	56 954 160	10 125 760

Hovudpostar helse	Beløp	Beløp DD	Avvik
Lønn inkl.sosiale utgifter	3 980 125	2 981 277	998 848
Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	345 383	272 764	72 619
Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	4 708 156	5 176 001	-467 845
Overføringer til andre	161 687	103 000	58 687
Finansieringsutgifter	91 097	0	91 097
Salsinntekter	-115 162	-241 816	126 654
Refusjonar	-369 863	-484 611	114 748
Overføringer fra andre	-12 000	0	-12 000
	8 789 424	7 806 615	982 809

Revisjonen har difor gjennomgått kontoane 10100-10999 i driftsbudsjettet som etter KOSTRA- kontoplanen omfattar alle lønsutgifter. En har gjennomgått kostnadane fordelt på dei ulike områda i kommunen får deretter å gå meir detaljert inn på dei ulike ansvara innanfor Velferd.

Ein har gjennomgått driftsrekneskapan for 2012. Det skal nemnast at omstruktureringa kommunen gjennomgikk hausten 2012 betyr at einingsleiarane ikkje hadde ansvar for sine resultateiningar før på slutten av året. Budsjettet for 2012 og 2013 er også basert på dei tidlegare ansvarsområda (gamal organisasjonsstruktur med avdelingar) noko som gjer kontroll av kvar enkelt resultateining vanskeleg.

## 6.7.2 Fakta:

### 2012

#### Lønskostnadar heile kommunen 2012 (konto 10100- 10999):

Område (T)	Lønskost pr.31.12	Refusjonar 31.12	Resultat løn og ref.	Revidert budsjett	Budsj. Refusjonar	Budsjett inkl. Refusjonar	Restbeløp	Avvik %
Politisk Styring og kontroll	1 828 122		1 828 122	1 676 010		1 676 010	-152 112	-9,1
Sentraladministrasjon	12 461 491	-406 201	12 055 290	11 706 379	-32 183	11 674 196	-381 094	-3,3
Skule	52 175 121	-2 691 123	49 483 998	51 105 989	-1 759 417	49 346 572	-137 426	-0,3
Resursenter	9 237 924	-355 618	8 882 306	8 668 059	-77 722	8 590 337	-291 969	-3,4
Barnehage	21 863 582	-1 267 339	20 596 243	19 014 048	-433 023	18 581 025	-2 015 218	-10,6
Helse	3 943 378	-40 621	3 893 756	2 956 817	-48 274	2 908 543	-985 213	-33,3
Sosial	8 299 535	-458 368	7 841 167	6 247 188	-44 414	6 202 774	-1 638 393	-26,2
Omsorg	68 800 694	-3 908 531	64 892 164	61 900 343	-5 591 300	56 309 043	-8 583 121	-13,9
Kultur	1 968 417	-17 438	1 950 979	2 039 649	0	2 039 649	88 670	4,3
Byggesak, Geodata, Brann	5 310 184	5 861	5 316 045	4 734 985	-14 433	4 720 552	-595 493	-12,6
Kommunal teknikk	5 260 670	9 505	5 270 175	5 051 890	0	5 051 890	-218 285	-4,3
Bygg	8 249 619	-553 258	7 696 361	7 915 647	0	7 915 647	219 286	2,8
Finans	-6 331 682		-6 331 682	-4 445 000		-4 445 000	1 886 682	-42,4
	193 067 054	-9 692 131	183 374 923	178 572 004	-8 000 846	170 571 158	-12 803 765	-7,2

Sektoren velferd består i hovudsak av ansvarsområda "helse" og "omsorg". Som det går fram av tabellen ovanfor hadde desse overskridingar (inkludert refusjon sjukeløn) på ca 9,5 mill kr. Dette er over 50% av budsjettoverskridingane innanfor lønsrammene i kommunen (overskriding på 12,8 mill kr).

Ein har deretter gjennomgått desse to ansvarsområda og sett på korleis budsjettoverskridingane fordelar seg på dei ulike "resultateiningane".

**Lønskostnader "Helse" og "Omsorg" ( Velferd) 2012:**

HELSE	Rekneskap 31.12	Refusjonar 31.12	Resultat løn og ref.	Revidert budsjett	Budsj. Refusjonar	Budsjett inkl. Refusjonar	Restbeløp	Avvik i %
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	824 679	0	824 679	576 809	0	576 809	-247 870	-43
HELSESTASJON	1 847 395	-10 702	1 836 693	1 804 808	-48 274	1 756 534	-80 159	-4
JORDMORTENESTE	66	0	66	0	0	0	-66	-
LEGETENESTE	385 491	0	385 491	575 200	0	575 200	189 709	33
PSYKIATRI	608 786	-31 490	577 296	0	0	0	-577 296	-
DAGSENTER	276 960	-7 429	269 531	0	0	0	-269 531	-
	<b>3 943 378</b>	<b>-49 621</b>	<b>3 893 756</b>	<b>2 956 817</b>	<b>-48 274</b>	<b>2 908 543</b>	<b>-985 213</b>	<b>-33</b>

OMSORG	Rekneskap 31.12	Refusjonar 31.12	Resultat løn og ref.	Revidert budsjett	Budsj. Refusjonar	Budsjett inkl. Refusjonar	Restbeløp	Avvik i %
OMSORGSKONTOR	1 541 297	0	1 541 297	1 395 672	0	1 395 672	-145 625	-10
SOMATISK AVDELING	7 193 163	-681 490	6 511 673	8 309 477	-764 740	7 544 737	1 033 064	12
LANGTIDS AVDELINGA	12 439 859	-123 2456	11 207 403	8 351 529	-829 107	7 522 422	-3 684 981	-44
KORTTIDS AVDELINGA	10 617 402	-468 739	10 148 663	7 894 659	-109 7298	6 787 361	-3 361 302	-43
DAGSENTER	271 035	0	271 035	763 595	-64366	699 229	428 194	56
KJØKKEN	4 927 686	-143 933	4 783 753	5 211 442	-818 379	4 393 063	-390 690	-7
HEIMESJUKEPLEIE	10 155 129	-309 827,76	9 845 301	10 057 206	-1000893	9 056 313	-788 988	-8
HEIMEHJELP	3 923 564	-95 101	3 828 463	4 408 001	-128 732	4 279 269	450 806	10
OMSORGS LØN	281 924	0	281 924	423 743	0	423 743	141 819	33
BRUKARSTYRT. (BPA)	174 499	-21070	153 429	0	0	0	-153 429	-
PSYKIATRI	2 359 811	-92025	2 267 786	3 528 546	-26820	3 501 726	1 233 940	35
BU OG HABILITERING	14 915 325	-863 889	14 051 436	11 566 473	-861 045	10 785 428	-3 266 008	-29
	<b>68 806 694</b>	<b>-3 908 531</b>	<b>64 898 164</b>	<b>61 908 343</b>	<b>-5 591 389</b>	<b>56 308 953</b>	<b>-6 908 351</b>	<b>-11</b>

Ein registrerar at ansvarsområda langtidsavdelinga, korttidsavdelinga og bu og habilitering hadde dei største budsjettoverskridingane med hhv. 2,7 mill kr, 4mill kr og 3,3 mill kr mtp. løn og sosiale utgifter. Ein registrerar blant anna at heimesjukepleia har greidd og halde budsjetttramma si relativt bra. Det skal nemnast at ei feilkjelde kan vere omstruktureringa som gjer at enkelte tilsette kan ha jobba innanfor ei eining/ansvar medan dei rekneskapsmessig er registrert på eit anna ansvar.

Vidare har sett nærmare på dei forskjellige type lønsartane innanfor omsorg:

Lønskostnader Omsorg:	Rekneskap pr 31.12	Revidert budsjett	Restbeløp	Avvik i %
Fast lønn	32 576 663	34 484 477	1 907 814	6
Pensjonsgjevande tillegg	4 099 989	2 608 363	-1 491 626	-57
Vikar	3 275 612	1 496 511	-1 779 101	-119
Sjuevikarar	2 982 904	2 617 552	-365 352	-14
Ferievikar	2 262 997	512 018	-1 750 979	-342
Pensjonsgjevande tillegg vikar	0	12 873	12 873	100
Variable tillegg vikarar	2 909 110	2 219 173	-689 937	-31
Ekstrahjelp	2 310 976	1 743 248	-567 728	-33
Utbetaling ferie/ekstraarbeid	63 678	0	-63 678	-
Overtid	989 878	738 065	-251 813	-34
Lønn og trekkpliktige godtgjersler	7 140	359 378	352 238	98
Lønn lærlingar	295 298	506 347	211 049	42
Arbeidsgodtgjersle fosterheim	0	53 638	53 638	100
Arbeidsgodtgjersle støttekontakt	131 986	115 858	-16 128	-14
Arbeidsgodtgjersle avlastning	7 860	10 728	2 868	27
Omsorgslønn	239 391	0	-239 391	-
Pensjon	8 576 160	5 852 936	-2 723 224	-47
Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	92 995	237 821	144 826	61
Arbeidsgiveravgift	7 978 058	8 331 357	353 299	4
<b>Sum lønsutgifter</b>	<b>68 800 694</b>	<b>61 900 343</b>	<b>-6 900 351</b>	<b>-11</b>
Refusjon sjukeløn	-3 246 458	-4 542 600	-1 296 142	29
Refusjon av fødselspengar	-471 120	-1 048 780	-577 660	55
Refusjon feriepengar	-190 953	0	190 953	-
<b>Sum Refusjonar</b>	<b>-3 908 531</b>	<b>-5 591 380</b>	<b>-1 682 849</b>	<b>30</b>

Ser ein på dei forskjellige lønsartane innanfor omsorg registrerar ein relativt høge vikarkostnader i forhold til budsjettammer. Det kan sjå ut som om dei høge pensjonskostnadane rett og slett skuldast høgare aktivitet mtp. vikarbruk, overtid og ekstrahjelp.

Det ville vere naturleg at refusjonar auka i forhold til auka vikarbruk osv, men ein registrerar at refusjon sjukeløn er nesten 1,3 mill kr lågare enn budsjettet. Det motsette av kva ein kunne forvente mtp auken i vikarutgifter.

#### Lønskostnader Langtidsavdelinga, Korttidsavdelinga og Bu og habilitering 2012

For å gå vidare på detaljnivå har ein valt å sjå nærmare på dei ansvara med dei største avvika (Langtidsavdelinga, Korttidsavdelinga og Bu og habilitering). Ein har i den samanheng undersøkt dei detaljerte lønskostnadane mtp. overtidsbruk og vikarutgifter osv.

4022 Langtidsavdelinga				
Lønskostnader:	Rekneskap pr 31.12	Revidert budsjett	Restbeløp	Avvik i %
Fast lønn	5 727 244	4 142 203	-1 585 041	-38
Pensjonsgjevande tillegg	908 672	429 107	-479 565	-112
Vikar	260 831	375 469	114 638	31
Sjuevikarar	978 527	429 107	-549 420	-128
Ferievikar	412 118	0	-412 118	-
Variable tillegg vikarar	737 474	536 384	-201 090	-37
Ekstrahjelp	356 857	321 830	-35 027	-11
Overtid	134 498	107 277	-27 221	-25
Lønn lærlingar	33 902	0	-33 902	-
Pensjon	1 502 920	812 943	-689 977	-85
Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	12 296	38 620	26 324	68
Arbeidsgiveravgift	1 374 519	1 158 589	-215 930	-19
	<b>12 439 859</b>	<b>8 351 529</b>	<b>-4 088 330</b>	<b>-49</b>

For langtidsavdelinga registrerar ein relativt høge faste lønskostnadar (over 1,5 mill kr enn budsjettet). Ein registrerar også ein samla vikarkostnad (Sjukevikarar+ ferievikarar + variable tillegg vikarar) på til saman 1,16 mill kr over det som er budsjettet. Pensjonskostnadar er også om lag dobbelt så høge som budsjettet. Ei eventuell feilkjelde kan vere at etter omstruktureringa ligg det lønskostnadar på ansvaret som tilhøyrer andre einingar.

<b>4023 Korttidsavdelinga</b>				
<b>Lønskostnadar:</b>	<b>Rekneskao pr 31.12</b>	<b>Revidert budsjett</b>	<b>Restbeløp</b>	<b>Avvik i %</b>
Fast lønn	5 083 419	4 036 643	-1 046 776	-26
Pensjonsgjevande tillegg	775 008	354 013	-420 995	-119
Vikar	477 834	375 469	-102 365	-27
Sjukevikarar	400 450	332 558	-67 892	-20
Ferievikar	423 887	0	-423 887	-
Variable tillegg vikarar	506 041	429 107	-76 934	-18
Ekstrahjelp	197 378	321 830	124 452	39
Overtid	161 164	75 094	-86 070	-115
Pensjon	1 335 267	815 303	-519 964	-64
Kollektiv ulykkes- og gruppelevforsikring	12 709	32 183	19 474	61
Arbeidsgiveravgift	1 244 243	1 112 459	-131 784	-12
	<b>10 617 402</b>	<b>7 884 659</b>	<b>-2 732 743</b>	<b>-35</b>

For korttidsavdelinga er dei faste lønskostnadane på over 1 mill kr over budsjettet ramme. Avdelinga har også relativt høge pensjonskostnadar i forhold til budsjettet ramme. Kostnaden knytt til overtid er over dobbelt så høg som ramma, men dette er eit relativt lite beløp i den store samanheng.

<b>4051 Bu og Habilitering</b>				
<b>Lønskostnadar:</b>	<b>Rekneskao pr 31.12</b>	<b>Revidert budsjett</b>	<b>Restbeløp</b>	<b>Avvik i %</b>
Fast lønn	5 760 168	6 407 427	647 259	10
Pensjonsgjevande tillegg	1 100 342	590 022	-510 320	-86
Vikar	1 208 797	0	-1 208 797	
Sjukevikarar	614 124	590 022	-24 102	-4
Ferievikar	438 692	343 286	-95 406	-28
Variable tillegg vikarar	637 268	396 924	-240 344	-61
Ekstrahjelp	1 100 462	375 469	-724 993	-193
Utbetaling ferie/ekstraarbeid	40 808	0	-40 808	
Overtid	337 001	193 098	-143 903	-75
Lønn og trekkpliktige godtgjersler	7 140	26 820	19 680	73
Arbeidsgodtgjersle fosterheim	0	53 638	53 638	100
Arbeidsgodtgjersle støttekontakt	92 345	85 821	-6 524	-8
Arbeidsgodtgjersle avlastning	7 860	10 728	2 868	27
Pensjon	1 812 886	1 017 413	-795 473	-78
Kollektiv ulykkes- og gruppelevforsikring	19 749	42 911	23 162	54
Arbeidsgiveravgift	1 737 681	1 432 894	-304 787	-21
	<b>14 915 325</b>	<b>11 566 473</b>	<b>-3 348 852</b>	<b>-29</b>

Bu og habilitering har hatt relativt høge vikarutgifter på til saman over 1,5 mill kr meir enn budsjettert. Ein har også hatt eit meirforbruk i forhold til ekstrahjelp på 3 gongar budsjettamma. I tillegg har avdelinga hatt meirforbruk mtp. overtid og pensjonskostnader.

### 6.7.3 Vurdering

Ein viktig del av budsjettkontrollen er at einingsleiarane brukar eit styring og rapporteringssystem med interne rutinar der periodisering har fokus. Vidare er budsjettdisiplin avhengig av einingsleiarane sin evne og vilje til å halde budsjett i tråd med vedtekne økonomiske mål, og deira si evne til å gjennomføre nødvendige tiltak for å nå budsjettmåla. Fleire av kommunen sine einingar viste budsjettavvik i forhold til vedtekne kostnadsrammer og ein ser få tiltak/ og eller budsjettkorrigeringar i samband med meirforbruket.

Viss det er meirforbruk på kostnadssida som er finansiert med meirinntekter som etter reglementet kan disponerast administrativt, skal det gjennomførast administrative budsjettendringar. Dette er spesielt viktig om dersom budsjettet skal vere eit styringsverktøy.

Samanlikning av budsjett og rekneskap for 2012 viser at ein del poster i budsjettet ikkje er utfylt, sjølv om rekneskapen viser at det har påløpt kostnader. Enkelte av desse kostnadane er også vesentlige jfr. vikarkostnader ved enkelte av dei undersøkte einingane. Dette kan tyde på at budsjettet er ufullstendig ved at ikkje alle utgiftene er teke med og at ein del postar er underbudsjettert, og/eller at reelle kostnader vert ført mot feil konto.

## 6.8 Konklusjon

### Økonomisystem

Økonomisystemet som kommunen nyttar i dag er eit fleksibelt og brukarvennlig system. Systemet er brukt av ca 50% av kommunane i Noreg i tillegg til andre private og offentlige instansar. Systemet gir rådmannen, kommunalsjefar og einingsleiarar god økonomisk oversikt, og gir svært få avgrensingar i utforming av spørjingar og rapportar. Ei mulig avgrensing vil vere dei tilsette sin kompetanse til å utnytte alle dei ulike funksjonane systemet gir.

I samband med budsjettarbeid og budsjettstyring vert budsjettmodulen "Agresso planleggar" nytta. Denne modulen gjer at kommunalleiarar og einingsleiarar her eit godt verktøy til å følge opp og gjere eventuelle interne budsjettendringar innanfor si ramme

### Månadsrapportering

Månadsrapportering kan vere eit godt økonomisk styringsverktøy for administrasjonen internt og for politikarane til å få regelmessig oppfølging på den økonomiske situasjonen i kommunen. Ein registrer at rapportering til formannskapet har vore mangelfull i 2013. Det går indirekte fram av kommunen sitt økonomireglement at kommunen skal utarbeide

månadlege økonomirapportar til formannskapet. Kommunen bør revidere økonomireglementet og presisere korleis månadsrapporteringa skal praktiserast.

### Økonomireglement

Hareid kommune har eit tilfredstillande økonomireglement i forhold til dei vurderingar og kontrollar ein har gjennomført i samband med prosjektet. I hht økonomireglementet skal det utarbeidast ei rutinehandbok med alle rutinane, men på dette området gjenstår det ein del arbeid. Då det er ca 30 personar som har budsjett og rapporteringsansvar i kommunen er det særdeles viktig at ein har eit felles reglementet og rutinar som alle er innforstått med. Det går fram av reglementet at det skal gjennomførast tertialrapportering, men kommunen praktiserer kvartalsrapportering, så reglementet bør endrast, evt rapporteringstidspunkta. Det må og nemnast at ved kvartalsrapportering, og spesielt pr 30.06 viser erfaring at rapporteringa kjem først i slutten av september, og målsettinga bør vere å få denne til behandling så nært etter terminslutt momskompensasjon i aug. som muleg.

### Forpliktande plan

I samband med at Hareid kommunen er del av ROBEK- nettverket har ein blitt pålagt av fylkesmannen og utarbeide ein forpliktande plan for korleis kommunen skal dekkje inn sitt akkumulerte overforbruk.

Dei forventa innsparingsmåla for 2013 var på 3,1 mill kr. Kommunen sitt brev til fylkesmannen 08.10.2013 signaliserte eit samla meirforbruk (heile kommunen) på 7 mill kr og at budsjetterte avsetningar måtte strykast. Når dei fleste einingane rapporterar om at dei planlagde tiltaka er gjennomførte må ein stille spørsmål ved om den forpliktande planen og dei tiltak som gjekk fram av denne var realistiske og tilstrekkelige for å følgje opp kravet til budsjettert avsetning og inndecking av tidlegare års meirforbruk.

Revisjonen meiner at den forpliktande planen kan og bør vere eit godt styringsverktøy for dei ulike sektorane i kommunen. Kommunen bør vurdere og legge rapportering om status på den forpliktande planen til dei kvartalsvise økonomirapportane som går til politisk behandling.

### Einingsleiarane sin budsjett disiplin (Velferd)

Fleire av kommunen sine einingar viste budsjettavvik i forhold til vedtekne kostnadsrammer og ein ser få tiltak/ og eller budsjettkorrigeringar i samband med meirforbruket.

Om meirforbruk på kostnadssida er finansiert med meirinntekter som etter reglementet kan disponerast administrativt, skal det gjennomførast administrative budsjettendringar, og det ligg til kvar einiskild einingsleiar å gjennomføre desse. Dette er spesielt viktig om dersom budsjettet skal vere eit styringsverktøy.

## 7 Anbefalinger

1. Kommunen bør vurdere å innføre rapportering av forpliktende plan som ein del av den økonomiske rapporteringa som går til politisk behandling.
2. Kommunen bør vurdere å innføre periodesering av rekneskapen i høve kvartalsrapportering slik at økonomirapporten sitt rekneskapsskjema 1 A og 1 B gir ei prognose av drifta som samsvarer med sektorane/einingane sine prognosar og verbale skildringar.
3. Gjennomføre meir opplæring av nye einingsleiarar mtp. Økonomi- og budsjettoppfølging
4. Revidere økonomireglement mtp rapporteringsrutine og kva rapportar som skal utarbeidast, samt komplettere rutinehandbok
5. I høve rapportering til kommunestyret om meirforbruk bør det fremmast forslag om budsjettregulering, tiltak evt forslag til tiltak for å kunne oppnå økonomisk balanse jfr. krav i kommunelova og tilhøyrande budsjettforskrifter.



## 8 Rådmannen sin kommentar

### Innleiing:

Vi takkar for ein god og konstruktiv rapport i høve forvaltningsrevisjonsprosjektet «Økonomistyring og budsjettoppfølging». Rapporten fokuserer hovudsakeleg på rekneskapsåra 2011 og 2012. Ein del har endra seg sidan då. Men rådmannen er samd i mange av konklusjonane og dei fem punkta med tilrådingar, som er nemnt. Det er likevel grunn til å gjere nokre presiseringar og klare opp i mulege misoppfattingar. Dette vil eg gjere lenger nede. Eg vil først fokusere på dei fem tilrådingane i rapporten og gi ei kort tilbakemelding på kva administrasjonen ynskjer å foreta seg, i samband med desse. Nedanfor desse fem punkta vil eg nytte høvet til å kommentere delar av rapporten.

Gitt den korte tilbakemeldingsfristen, er det ikkje muleg, og kanskje heller ikkje ynskjeleg at alle refleksjonar / konklusjonar i rapporten vert omtala. Men rådmannen har merka seg tilrådingane og vil legge desse til grunn i det vidare arbeidet med å forbetre økonomistyringa

### Administrasjonen si tilnærming til dei fem tilrådingane:

1. Kommunen vil innføre rapportering på forpliktande plan som ein del av den økonomiske rapporteringa som går til kommunestyret. Men sidan formannskapet har bedt om ei enklare månadsrapportering, med ein prøveperiode på seks månader, vil innhaldet i månadsrapporteringane kunne vere gjenstand for endringar, i dialog mellom formannskapet og administrasjonen. Kor vidt formannskapet ynskjer at administrasjonen skal inkludere rapportering på forpliktande plan i desse enklare månadlege økonomirapportane, er ikkje kjend i skrivande stund.
2. Administrasjonen vil, i dialog med revisjonen, søkje å få avklara korleis kommunen eventuelt kan gjere seg nytte av prinsippa for rekneskapsperiodisering. Når dette er avklara vil administrasjonen kunne ha eit betre avgjerdsgrunnlag i høve dette spørsmålet.
3. Administrasjonen er samd i at god opplæring er ein kritisk suksessfaktor i høve god rapportering. Vi har allereie, før rapporten frå revisjonen låg føre, sett fokus på denne problemstillinga. Vi kjem til å følgje dette opp med eit tettare fokus på opplæring, både når det gjeld det systemtekniske og når det gjeld økonomiforståing.
4. Det ligg føre kommunestyrevedtak om at rapportering skal skje månadleg til formannskapet og kvart kvartal til kommunestyret. Men det er rett, som revisjonen påpeikar, at økonomireglementet ikkje har vore oppdatert på dette feltet. Økonomireglementet er no revidert i høve kommunestyrevedtaket og både det aktuelle kommunestyrevedtaket og det reviderte økonomireglement ligg ved, for informasjon. Det er og rett at rutinehandboka ikkje er komplettert. Dette har bakgrunn i avgrensa kapasitet i økonomiavdelinga, men det er no gitt beskjed om at rutinehandboka skal kompletterast så snart som muleg.
5. Det vert påpeika at administrasjonen i økonomirapportane, gir god informasjon om eventuelle overskridingar, men i liten grad fremjer forslag til tiltak for å oppnå økonomisk balanse. Observasjonen er korrekt og administrasjonen vil legge vekt på å få til ei forbetring her. Mellom anna ved hjelp av ein rapporteringsmal, noko eg vil kome tilbake til lenger nede. Men i historisk perspektiv er det likevel slik at det finnst fleire aspekt i dette,

gjennom det at administrasjonen har peika på muleg kostnadsreduserande tiltak i andre saker. Og det faktum at gode kuttforslag etter ostehøvelprinsippet vert stadig vanskelegare å finne. Det er i dei større og meir politisk lada sakene at dei vesentlege innsparingspotensiala finnast. Administrasjonen har ved fleire høve tatt opp den økonomiske situasjonen, spesielt for tenester innan sektorane Velferd, Oppvekst samt tenesta barnevern. I samband med dette har det vore fremja reelle forslag til tiltak. Når administrasjonen, i dei aktuelle sakene, ikkje oppnår støtte i dei politiske avgjerdsprosessane, har det liten hensikt å kome med det / dei same framlegga i økonomirapportane. Til dømes har det to gongar vore lagt fram sak om eigedomsskatt. Begge gongane fall framlegga i kommunestyret. Den tredje gongen sak om eigedomsskatt vart fremja, og seinare vedtatt, var det som eit resultat av eit initiativ frå politisk hald og slik ein oppfattar det, at fleirtalet i kommunestyret såg det som eit alternativ til å gjere endringar i skulestrukturen. Vidare har det vore fremja forslag om å gjere endring i skulestrukturen. Det vart gjort framlegg om å legge ned Bigset skule i 2011. Og i 2013 var skulestruktur på nytt tema i kommunestyret. Denne gongen var det Hjørungavåg skule som det vart peika på. Heller ikkje denne gongen vart rådmannen sine framlegg vedtekne. Derimot vart det fleirtal for å legge ned Hjørungavåg barnehage. Gjennom budsjettet for 2013 vart det og kutta monaleg i drifta på Bigset barnehage. Såpass mykje at kommunen etter dette ikkje ville ha full barnehagedekning i 2013. Etter påtrykk frå fylkesmannen med munnleg varsel om pålegg, valde kommunestyret gjere ei særskilt budsjettregulering, som nulla ut effekten av tiltaket. Vidare har vi hatt sak om reduksjon av tal einingar i sektor for Velferd. Her vedtok kommunestyret i 2013 å redusere tal einingar med ein. Rådmannen har, uavhengig av dette, kutta i tenester i sektorane Velferd og Oppvekst så langt det har latt seg gjere, utan at lovfesta brukarrettigheter i altfor stor grad har vore råka. Rådmannen tok og opp den vanskelege økonomiske situasjonen med formannskapet, våren 2012, og bad formannskapet vurdere om det ville vere teneleg å etablere ein økonomikomite i forkant av budsjettarbeidet hausten 2012. Formannskapet tok opp saka og det vart seinere vedteke i kommunestyret at ein slik komite skulle etablerast. Komiteen vart etablert og sett saman av et fleirtal av politiske representantar og eit mindretal av representantar frå rådmannen si leiargruppe. Komiteen hadde fleire møte utover hausten. Komiteen leverte ingen framlegg til tiltak. Men det var semje i komiteen om at det skulle fremjast ei sak om innføring av eigedomsskatt. Saka vart førebudd av administrasjonen og lagt fram til politisk handsaming, men tilrådinga å innføre eigedomsskatt, fekk ikkje fleirtal. Administrasjonen meiner såleis at det har vore fokus på tiltak, men er samd i at det kan vere tenleg å strukturen i økonomirapportane bør omfatte konkrete framlegg til tiltak.

#### **Kommentarar til rapporten:**

Til kapittel 1 – Innleiing og kapittel 2 – Metode, har ein ingen særskilte kommentarar, utover at kapitla gir eit greitt innblikk i problemstillingar, kriterie og metode.

Heller ikkje kapittel 3 – Deskriptiv analyse, er det grunn til å kommentere særskilt. Ein legg til grunn at dei opplysningane som ligg føre i kapittelet er korrekte og har ein difor ikkje gått nærare inn på talmaterialet, då ein heller ikkje kan sjå nokon openberre obspunkt i talmaterialet.

Kapittel 4 inneheld vurderingar kring den første av dei tre problemstillingane som rapporten skal belyse.

### **Problemstilling 1**

#### **Rapporterer administrasjonen til kommunestyret etter kommunelova og evt. retningslinjer / reglement i kommunen?**

I dette kapitlet vert det stadfesta at dei kvartalsvise økonomirapportane i 2011 og 2012 har vore levert til politisk handsaming og såleis oppfyller krava i kommunelova. Men revisjonen har kommentarar på oppbygginga av rapportane og registrerer at det finnast variasjonar i måten rapportane er bygd opp på. Og at det er variasjonar mellom einingane i oppbygging og fokus på den verbale skildringa. Dette gjer at det vert vanskelegare for politikarane å samanlikne både mellom ulike rapportar og mellom ulike einingar i same rapport. Administrasjonen er samd i at det ligg eit forbettringspotensiale i dette og vil utarbeide retningslinjer / mal for dei som rapporterer. Vidare er vi samd i at rapportane bør byggast opp på ein måte som gjer det lettare å bruke rapportane som styringsverktøy i høve budsjettvedtaket. Administrasjonen tar dette til etterretning og tar innspelet som ei mulegheit til å gjere økonomirapportane lettare å forstå for dei ulike brukargruppene. Problemet ligg dels i programtekniske problem og dels i samordnings- og kapasitetsproblem, men skal vere løysbare. Revisjonen meiner det bør vere sterkare fokus på å foreslå tiltak i rapportane, for å halde budsjettammer. Dette er kommentert ovanfor. Men administrasjonen er kjend med situasjonen og vil ha fokus på at dette skal prioriterast opp. I høve periodiseringa har revisjonen synspunkt på dette. Administrasjonen er open for forbetringar på dette viktige området og ynskjer ein dialog med revisjonen for å finne ut korleis ein best kan løyse dette.

### **Problemstilling 2:**

#### **Er kvaliteten på rapporteringa vurdert som tilfredsstillande?**

Som det går fram av rapporten, og som administrasjonen lenge har vært kjend med, har det vore variabel kvalitet på prognosane i økonomirapportane. Dette synte seg tydeleg i 2011 og var bakgrunnen for at rådmannen utover vinteren / våren 2012, sette særleg fokus på økonomirapporteringa. Det var gjennomført vekentlege møte i rådmannen si leiargruppe med kommunalsjefar og økonomileiar til stades. Ein hadde då registrert at prognosane svinga mykje frå den eine rapporteringa til den neste. Ein registrerte og at der fantes ein del tilfelle av manglande rapporteringar. For det sist nemnte var det nok ein del reelle manglar i rapporteringsrutinane hjå nokre av dei rapporteringsansvarlege, men ein oppdaga og at det i nokre tilfelle var systemtekniske feil som genererte feil tilbakemelding på dette. Der finnast enno nokre systemtekniske feil, men det har i ettertid vore sett fokus på at alle skal rapportere og det vert purra dersom rapportering uteblir. I Agresso planleggar finn ein nok ein del av tilsynelatande manglande rapporteringar, men dette vert korrigert inn i høve den verkelege situasjonen i det saksframlegget som går til kommunestyret.

Når det gjaldt svingingane i prognosane konkluderte vi med at problem med periodiseringa kunne forklare mykje av dei svingingane som oppsto. Det vart difor sett fokus på dette og ein opplever no noko betre samsvar mellom prognose og resultat i 2012. Som allereie nemnt ynskjer vi ein dialog med revisjonen om kor vidt vi kan hente ut eit forbettringspotensiale i kvaliteten på prognosane, gjennom anna bruk av periodisering i rekneskapen. Eit slikt grep vil og kunne vere gunstig med omsyn på det som er nemnt om at rekneskapsrapportane skal vere oversiktlege og lette å forstå for

lesaren, jfr. det som er nemnt i rapporten om rekneskapsskjema 1A og 1B. Då vil ein redusere mulegheita for at lesaren vil oppleve eit misvisande bilete av økonomirapporten. Administrasjonen synest innspelet frå revisjonen er svært konstruktivt.

Problemstilling 3:

**Har kommunen sine sektorar / resultateiningar tilfredsstillande styringsverktøy og budsjettoppfølging?**

I forvaltningsrevisjonsprosessen vert det peika på at det eksisterande økonomisystemet vert vurdert som teneleg og at ein har fått inntrykk av at leiinga er nøgd med økonomisystemet. Eg skal ikkje argumentere mot desse synspunkta. Økonomisystemet er mest sannsynleg godt nok. Men eg kan jo nytte høvet til å nyansere litt. Økonomisystemet vert av mange oppfatta som noko tungvint og fleire, både i Hareid kommune og i dei andre kommunane på søre har tatt til orde for at dei er misnøgde med leverandøren si oppfølging. Det vert frå tid til anna lufta i rådmannsgruppa, kor vidt denne situasjonen er tilfredsstillande.

Men det er interessant at det vert peika på at meir / betre opplæring i systemet vil kunne auke kompetansen og mulighetene til å utnytte dei ulike funksjonane betre. Eg er heilt samd i denne vurderinga og ser at vi her har eit unytta potensiale for forbetring.

Administrasjonen er og samd i at forpliktande plan bør ha ei større rolle i økonomirapportane og vi vil søkje å inkludere dette i dei ordinære kvartalsrapportane til kommunestyret. Kor vidt det same bør skje i høve månadsrapportane til formannskapet, må bli i høve det som formannskapet vil finne tenleg. Dette med referanse til at formannskapet ynskjer å prøve ut ein enklare modell for økonomirapportering.

Men i rapporten avsnitt 6.2, er det skildra ein situasjon vi ikkje heilt kjenner oss igjen i. Dette gjeld frekvensen av politisk handsama månadsrapportar og kvaliteten av rapportane. Men vi trur at eventuelle misoppfatningar i høve frekvensen, kan skuldast mangelfull protokollføring. Og i høve kvaliteten på rapportane kan det skuldast at Agresso planleggar blir nytta som et verktøy i framstillinga av rapportane og at det fylgjeleg kan vere skilnad mellom det som ein finn i Agresso planleggar og det som kjem til uttrykk i saka som går til politisk handsaming. Det beste hadde nok vore om det hadde vore fullt samsvar, men etter det som eg får opplyst, ligg det tekniske avgrensingar / mangelfullt vedlikehald ved Agressomodulen til grunn for at slike skilnader oppstår. Den reelle situasjonen i høve rapporteringa til formannskapet, ser slik ut (sektornivå):

Månadsrapportering	201303	201304	201306	201308	201309	201310	201311
Kommentar rådmannen	OK	Ikkje rapp.	OK	OK	OK	OK	OK
Sentraladmin.	OK	OK	OK	OK	OK	OK	OK
Oppvekst	OK	OK	OK	OK	OK	OK	OK

Velferd	OK	OK	OK	OK	OK	OK	OK
Næring, Kultur og Samfunnsutvikling	OK	OK	OK	OK	OK	OK	OK
Kommunalteknisk drift	OK	Ikkje rapp.	OK	OK	OK	OK	OK

Som ein vil sjå av tabellane er situasjonen annleis enn det som er skissert i forvaltningsrevisjonsrapporten, sjølv om ein må ta med i vurderinga, at ein i forvaltningsrevisjonsrapporten ikkje tok med oktober og november, slik eg har gjort her. Eg kan ikkje finne spor av økonomirapporteringar til politisk handsaming for januar og mai, slik ein kan få inntrykk av i forvaltningsrevisjonsrapporten. Men det at det står «ikkje rapportert» alle stader i dei to kolonnane, kan jo tyde på at meininga er å vise til at månadsrapport ikkje har vore levert. Men det som talar i mot denne tolkinga er at då skulle og dei andre manglande månadsrapportane vore framstilte på same måte. Når ein legg inn det reelle tale leverte rapportar, viser oversynet at det er berre i ein rapport (april) at kommentardelen er falt ut for ein sektor (p.g.a. sjukdom, som det står nemnt i rapporten) og for rådmannen. Vi kan av dette slå fast at involveringa frå rådmann og sektorleiarar i høve rapporteringane har vore tilfredstillande i 2013 og at alle dei ovanfor nemnte økonomirapportane har vore realitetshandsama av formannskapet. I tillegg har vi to interne rapporteringar i 2013, som ikkje gjekk til politisk handsaming. Men frekvensen av rapporteringar bør nok aukast for at det skal vere heilt i tråd med kommunestyret sin intensjon. Her skal det likevel føyast til at formannskapet sjølv, som regel er med på avgjerda om kor vidt det er greitt å sløyfe einskilde månadsrapporteringar av praktiske omsyn. Til dømes kan ein særskilt økonomirapport for formannskapet og for den siste månaden i den perioden kvartalsrapporten omfattar, vere å dra byråkratiseringa litt langt.

I forvaltningsrevisjonsrapporten vert det peika på at rutinehandboka ikkje er komplett. Det er sjølv sagt ein rett observasjon. Rutinehandboka har, av kapasitetsmessige årsaker ikkje vorten komplettert. Administrasjonen vil prioritere opp arbeidet med å få dette på plass.

På side 7 i forvaltningsrevisjonsrapporten og i avsnitt 6.5.2 på side 37 – 38, er det nemnt at revisjonen har inntrykk av at forpliktande plan for 2013, i stor grad er oppfylt, med omsyn på dei skisserte kutta, men at det vert stilt spørsmål om forpliktande plan tok tilstrekkeleg høgde for naudsynte kutt for å oppnå økonomisk balanse, sidan kommunen likevel kom ut med negativt resultat. Det er naturleg å stille dette spørsmålet. Då er det og naturleg å kome inn på prosessen som førte fram til endeleg godkjend forpliktande plan for 2013. Rådmannen la fram sitt budsjettframlegg for formannskapet sitt innstillingsmøte, etter vanleg prosedyre. Sak om forpliktande plan vart lagt fram i eiga sak på same møtet. Formannskapet gjorde få endringar i høve det budsjettet som seinare vart lagt fram til offentleg høyring. Når saka kom til kommunestyret, vart det lagt fram eit alternativt budsjett i møtet. Rådmannen fekk ikkje informasjon om dette framlegget, som ein koalisjon i kommunestyret hadde utarbeida, før om lag ein time før kommunestyremøtet. Rådmannen hadde med andre ord ikkje fått høve til å sjå til at saka var forsvarleg utgreidd og valde difor å be om ein protokolltilførsel på dette punktet. Det vedtekne budsjettet skilde seg vesentleg frå rådmannen sitt budsjettframlegg og inneheldt og budsjetterte

inntekter som rådmannen meinte kunne vere urealistiske. I same møtet, i sak om forpliktande plan, fekk rådmannen kritikk for å ha vore for ekspansiv i høve skisserte kutt. Rådmannen sine kutt var berekna ut frå rådmannen sitt budsjettframlegg og skulle syne differansen mellom føreslegne løyvingar og den aktuelle driftssituasjonen i einingane. I rådmannen sitt første framlegg til forpliktande plan vart det vart og peika på mulege konsekvensar i form av manglande mulegheiter til å oppfylle lovbestemte brukarrettigheiter. Kommunestyret meinte det ikkje var fornuftig å legge fram ein forpliktande plan, som synte at kommunen ikkje kunne oppfylle lovbestemte rettigheiter.

Fylkesmannen godkjende ikkje det budsjettet som kommunestyret vedtok i desembermøtet, grunna formelle feil ved vedtaket og det faktum at budsjettet ikkje var i balanse. Kommunestyret v/ den politiske koalisjonen fremja då eit justert budsjettframlegg i januar 2013. Denne gongen fekk administrasjonen høve til å gi ein uttale, der det vart konkludert med at framlegget var i teknisk balanse. Det vart og gitt ei vurdering av realismen i budsjettframlegget og rådmannen peika i samband med dette på ein del kritiske område. Budsjettet vart seinare vedtatt i kommunestyret utan særlege endringar. I sak om forpliktande plan vart det, i same møtet, vedteke at rådmannen skulle arbeide ut ein ny forpliktande plan på basis av det vedtekne budsjettet. Dette vart gjort og seinare lagt fram som referatsak for kommunestyret. På grunn av romslegare rammer, totalt sett, i kommunestyret sitt vedtekne budsjett enn i rådmannen sitt opprinnelege framlegg, blei og dei vedtekne tiltaka i forpliktande plan mindre omfattande. Kommentara om mulege brot på brukarrettigheiter vart og fjerna, i tråd med det som kommunestyret gav føringar om i sitt vedtak i saka. Når eg tar med denne hendingsrekka, er det for å belyse bakgrunnen for og mulege årsaker til at tiltaka i forpliktande plan ikkje synte seg å vere tilstrekkeleg. Det er, er etter rådmannen sitt syn, ein kombinasjon av at det vedtekne budsjettet for 2013 ikkje tok nok høgde for dei reelle utfordringane, samt at administrasjonen i nokon grad kanskje heller ikkje tok tilstrekkeleg høgde for naudsynte tiltak ved utarbeiding av forpliktande plan.

#### **Etterord:**

Forvaltningsrevisjonsrapporten har hatt hovudvekt på pleie- og omsorgssektoren. Sidan ein fylgjeleg må ha fokus på mellom anna budsjettering, økonomirapportering og budsjettdisiplin i sektoren, kan det vere relevant å nemne litt om endringane som har skjedd i denne sektoren, både med omsyn på rammevilkår, ulike strukturar og rapporteringsregime. Området, som no er ein del av sektor for Velferd, utgjør den delen av kommunen sine tenester, som opplevde dei største endringane etter den siste omorganiseringa.

Det tidlegare området for pleie og omsorg hadde ei tid store problem med å halde seg innanfor dei økonomiske rammene sine og det vart gjort eit grundig arbeid i høve driftskorrigeringar, for å oppnå økonomisk balanse. Og i 2011 opplevde ein fruktene av dette arbeidet, ved at området fekk eit overskot på kr 693 000. For det tidlegare området Helse, var situasjonen stabile driftsresultat om lag i balanse. Desse to områda vart slått i saman 01.07.2012, men 2012-budsjetta for områda vart vedtekne kvar for seg, eit halvår tidlegare. Etter diskusjonar med økonomiavdelinga, vart det bestemt at vidare rapporteringar same år, skulle skje i høve den strukturen som det vedtekne budsjettet hadde. For dei to områda, samla sett, ville dette bli korrekt, mens ein måtte leve med at det på resultateiningsnivå ville vere skilnader. I ein slik situasjon vart det naturleg at tidlegare områdeleiar, som no var kommunalsjef, hadde eit særskilt ansvar i høve oppfølginga, sjølv om det er einingsleiar som har formelt ansvar for sitt budsjett. 2012 vart difor eit spesielt år.

Etter at området for pleie og omsorg i 2011 oppnådde det nemnte mindreforbruket, kutta kommunestyret ramma til område for omsorg med 4,3 mill. kroner. I tillegg vedtok kommunestyret å innføre ei ny stilling på natt, til ein kostnad på 1,2 mill. kroner. Det følgde ikkje med ny budsjettløyving til stillinga, så det reelle kuttet vart på 5,5 mill. kroner. Det viste seg seinare at underskotet for 2012 vart på 4,9 mill. kroner. I tillegg til budsjettkutt og store organisatoriske endringar, vart og samhandlingsreforma innført frå 01.01.2012. Sektoren hadde m.a.o. svært store utfordringar i budsjettåret 2012.

I 2013 vart det vedteken ei ny organisasjonsendring i sektor for Velferd. Denne endringa, som i hovudsak handla om å slå saman to resultateiningar, var sjølv sagt langt mindre enn den førre. Men problema med å få budsjettet til å spegle den verkelege driftssituasjonen heldt fram. Sjølv om sektoren utarbeidde eit heilt nytt budsjettunderlag i tråd med den verkelege organiseringa, lukkast ein ikkje med å få dette implementert i Agresso-systemet. Når eg nemner dette er det fordi det synest å vere relevant med omsyn på einingsleiarane sine mulegheiter for å ha godt oversyn over drifta og at dette er ein viktig årsak til at kommunalsjefen måtte vere ekstra «hands on» i dette høvet. Status er at vi no har fått rydda opp i ein god del, men at det fortsatt er eit systemteknisk arbeid å gjere på sentralt nivå for at sektoren sin driftsstruktur, for alle einingar, skal verte rett spegla i Agressomodulen. Trass i utfordringane, har prognosene for resultat 2013, vist at sektoren har jobba målretta. Prognosane har lagt på om lag minus 2,5 mill. kroner, til minus 2,9 mill. kroner. Tenestene ved Bu og habiitering aukar for kvart år, noko som utrekningane for refusjon for ressurskrevjande brukarar viser. Dette har vore vanskeleg å berekne nøyaktig. Pensjonskostnadar er utanfor kommunen sitt rådvelde. Med den kunnskapen vi har i skrivande stund, men før alle rekneskapstalla er landa, ser det ut til at sektor for Velferd kan gå mot tilnærma balanse.

Det har og i mange høve vore vanskeleg å synleggjere rapporteringar frå ein del einingar. Dette fordi det i nokre høve manglar «send»knapp for tekstdelen. Dermed vert det ståande som «ikkje rapportert» i Agressomodulen. Men det vert sendt e-post når alt er klart, slik at ein får høve til å gjere manuelle korrigeringar i sjølve saksframlegget.

Det har vidare vore utarbeidd retningslinjer for tekstdelen i rapporteringa i sektoren. Det er kommunalsjefen som har laga desse retningslinjene. Tida er no komen til å lage felles retningslinjer / mal for rapporteringa og sjå til at dette vert brukt på rett måte.

Budsjettdisiplinen i sektoren vert det jobba med og ein opplever forbetring. For mange har det vore bratte læringskurver og ein opplever forbetringar på dette området. Men tiltaket må kombinerast med opplæring og kompetanseoppbygging. Ein viktig bakteppe for omorganiseringa var å legge budsjettansvaret nærare brukaren og følgjeleg lenger ute i organisasjonen. Vi meiner dette er eit viktig prinsipp, sjølv om det har medført at det no er fleire leiarar med budsjettansvar enn tidlegare. God opplæring og god oppfølging vert difor avgjerande. Når denne prosessen har kome lenger, vert det naturleg at alle einingsleiarar i sektoren får tilvisingsansvar.

Hareid 10.02.2014

Bent Arild Grytten  
rådmann

## 9 Revisjonen sin kommentar:

Rapporten har vore på høyring hos rådmannen 29.01.14, med frist for tilbakemelding 11.02.14

Vi har korrigert rapporten i høve spørsmål om månadsrapporteringa skal til politisk behandling i formannskapet. Dette går indirekte fram av økonomireglementet (kap. 2.3 "Disposisjonsmynde i budsjettsaker", andre avsnitt). Vi registrerar at i forslag til revidert økonomireglement som revisjonen mottok i samband med tilbakemeldinga er dette teke inn i kap.2.7 "rapportering".